

BIBLIOTEKA
Instytutu
Bałtyckiego
w Sopocie

Wydział Skandynawski

50265 III

1907.2301

Skrifter

udgivne af

Videnskabsselskabet i Christiania

1902.



II. Historisk-filosofisk Klasse.

Udgivet for H. A. Benneches Fond.



Christiania.

I Kommission hos Jacob Dybwad.

A. W. Brøggers Bogtrykkeri.

1903.

F.A



C 11/1825 A



DAN 11/1825 A 100

Maalet i dei gamle norske kongebrev

av

Marius Hægstad

Videnskabsselskabets Skrifter. I. Historisk-filos. Klasse. 1902. No. 1.



Kristiania

I kommission hos Jacob Dybwad

A. W. Brøggers bogtrykkeri

1902.

Fremlagt i Fællesmødet 8de nov. 1901.

Maalet i dei norske kongebrev.

1200—1520.

Me hev enno etter ikkje so faa brev fraa dei gamle norske kongar. Sume er skrivne paa framande maal (latin, laagtysk); men dei fleste — fram til midten av det 15de hundr. — paa norsk, og det er dei me her serleg skal faast med. Den store brevsamlingi Diplomatarium Norvegicum er den brunnen eg øys or, og umfram slike brev som sjølve kongarne hev sendt ut, vil eg ogso taka med nokre fraa det norske riksraad og fraa einkvar verdsleg storhovding som hev sett upp brev paa kongen sine vegner.

I. Gamalnorsken (1200—1350).

Fraa det 13de hundradaaret hev me 38 brev av det slaget som her er meint. Det eldste er fraa 1202, dei yngste fraa 1300. Av desse er 20 upphavsbrev (originalar), og so er der 5 arnamagnæanske avskrifter som i denne samanheng er paa lag jamgode med upphavlege brev¹;

¹ Dei 25 brevi er: I, 3 (1207—17); II, 5 (1224?); I, 51 (1226—45); I, 60 (1265); II, 12 (1265); II, 20 (1283); V, 14 (1285, arn. avskr.); II, 25 (1289, arn. avskr.); V, 18 (1289); II, 26 (1289, arn. avskr.); II, 27 (1290, arn. avskr.); I, 80 (1292); II, 34 (1293); I, 84 (1296); II, 41 (1297); I, 86 (1297); I, 87 (1297); I, 88 (1298); III, 41 (1298); II, 52 (1299); II, 55 (1299, arn. avskr.); I, 91 (1300); II, 57 (1300). Dessutan hev Ingulv klerk skrive I, 92 (1300) arn. avsk.; men eg kann ikkje sjaa um upphavsskrifti ligg beinveges til grunn, og reknar det difor her millom avskrifterne, endaa maalet synest visa at det er ei serleg god avskrift (sudtrøndsk?).

dei andre — derimillom ogso det eldste — er avskrifter fraa ymse tider; og paa deim kann me ikkje byggja nokon trygg dom um maalet.

Dei eldste brevi ber ikkje namn paa dei kongelege klerkar som hev skrive deim. Fyrste gong me raakar paa eit klerkemerke er i 1264; daa stend det i eit brev (XII, 3) *P. ritade*. Etter 1230 vart det skikk at klerken sette heile namnet sitt paa brevet, og denne skikken heldt seg i det heile til kringum 1360; sidan vert klerkenamnet burte atten. For den som vil studera maalet i desse gamle brevi, kann det vera til god hjelp at han veit namnet paa skrivaren, av di dette stundom fører med seg vigtige upplysningar.

Av kongebrevi fraa det 13de hundr. hev daa:

Aamund prest, son aat Agmund svade,	skrive i
Alv Halvardsson	— 1 (arn. avsk.)
Gabriel klerk.	— 4 (av deim 2 arn. avsk.)
Jøn klerk (notarius)	— 5
Bjørn av Markom	— 1
Øystein Ivarsson	— 1
Baard Petersson	— 3
Olav Arneson	— 1 (arn. avsk.)

Tilsaman er der soleis 17 brev av namngjevne klerkar, og 8 utan klerkenamn.

Me tek for oss desse 25 brev, og held deim imot kvarandre, og samanliknar maalet. Det er ikkje alltid lett arbeid; for rettskrivningi er ikkje stød etter dei kravi me set i vaar tid, so det er snart gjort aa mistaka ymse skrivemaatar for maalsøreformer. Men ser me vel etter, finn me at der er skilnad ikkje berre i rettskrivningi, men ogso i sjølve maalformi millom brevi.

Det er uvandt aa sjaa at det hev vore det trøndsk og visse vestlandske *maalføre* som i denne tidi hev gjeve dei viktigaste maalmynster i skrift, og mest trøndemalet, som i fyrstningi av hundradaaret vel hev falle mykje saman med austlandsk, men sidan hev skilt seg ikkje so lite ut. Klerkarne hev gjenge liksom i kvar sin *maalføreskule* og lært aa skriva. Men dette grunnlaget var i dei einskilde høvi ikkje fastare enn at skriftformi kunde verta meir eller mindre paaverka fraa ymse sidor, fyrst og fremst fraa skrivaren sitt eige maalføre, som ikkje alltid kunde falla saman med det maalføret han lærde i skulen, sidan ogso fraa andre velkjende skriftmynster, og fraa maalet paa den staden han ferdast, og — um brevet vart diktera — fraa maalet aat den som sa fyre, eller — um det var avskrive — maalet i fyreskrifti. Utjamningi som

det paa denne maaten hev vorte, er likevel ikkje større enn at det ofta synest moglegt aa skilja ut baade det mynstermaalsføre skrivaren i det heile fylgjer og — um der er avvik — hans eige maalsføre, som helst ovrar seg i uregelrette endingar og ymse ljudlag. Desse two grunnemne — og sjølvsgatt mest det fyrstnemnde — gjev kvart brev sitt sermerkte maaldrag, og det endaa soleis at skilnaden millom two jamgamle brev som er skrivne etter ulike maalføremynster, er større enn millom two brev som med eit heller langt millombil er skrivne paa same maalsføre. Maalsføreskilnaden veg meir enn aldersmunen.

Me kann i dei fleste upphavlege brevi fraa denne tidi skilja ut trøndsk og vestlandsk; noko austlandsk kann me og raaka paa.

Trøndemaal finn me soleis i Jon notarius sine brev fra 1293 og frametter, t. d. I, 87¹. Skiftet millom *e* og *i*, *o* og *u* i endingarne er regelrett trøndsk; *a* held seg ubrigda i endingar etter lang staving liksom i vestlandsk, og like eins held han seg ubrigda framfyre *u* i næste staving (*adrum*, *sannum*, *hafum*, *lagum*, *mannum*). Neittingspartikelen er *o* —, og der er avleidningar paa — *yndi* (*rettyndi*). Alt dette saman med former som *ifir*, *firir*, *skulu*, *konongr* o. a. er støde merke. Naar han brukar formi *Biorgvin* i staden for trøndesformi *Bergvin*, maa dette vera paaverknad fraa maalet i Bergen, der fleire av brevi hans er skrivne og der han visst lenge hev butt. — Um me samanliknar brevi fraa denne klerken med sume andre eldre gamaltrøndiske skrifter, t. d. Olavs legendariske soga (kringum 1250) eller med I, 51, eit kongebrev utan namngjeven klerk, skrive millom 1226 og 1245, er der i maalvegen mest ingen skilnad aa uppedaga; dei trøndiske sermerki er dei same, endaa det ligg eit halvt hundradaar eller meir millom desse skrifterne.

Tek me so og samanliknar maalet hjaa Jon notarius med maalet i eit kongebrev (I, 84), som klerken Bjørn av Markom hev skrive 1296, finn me ein større skilnad, endaa Bjørn og Jon livde paa same tid.

Vel finn me noko nær det same skiftet millom *e* og *i*, *o* og *u* i endingarne, *a* held seg ubrigda framfyre *u* i næste staving (*adrum*, *sannum*, *Markum*, *mannum*), og her er avleidning paa -*yndi* og former som *firir*, *konongs* liksom i trøndsk. — Men etter lang staving gjeng *a* i visse høve yver til *æ* (ell. *e*), soleis i substantiv-bøygningar: *penningæ*, *brefe-brot*, og i infinitiv av verb: *styrkiaæ*, *þyngiaæ*, so det vert two infinitivendingar i maalet, ei paa *a*, og ei paa *æ*; dette er ei merkeleg ovring, som me ikkje finn i gtrøndsk, men som er eit viktig kjennermerke paa austlandsmaal den dag idag. So finn me *a* for halvljoden

¹ Alle tilvisningar av dette slaget gjeld i denne utgreidingi Diplomatarium Norvegicum; romartalet nemner band, talet etter nemner nummer paa brev.

millom konsonant og endingi *r*: *domr logleghar*; dette er eit sudaustmerke; i trøndsk er halvljoden regelrett *e* paa denne tidi. I staden for *eigi* er neittingsadverbet her *eigh*, ogso i samansetningi *æigisdr*. Bjørn skriv *þæt* (vestl. *þat*), *þak* for *þokk* (takk), og for *siautianda* skriv han *sæytianda*, venteleg ein av vegarne fram til det nynorske vikske „*søttenne*“. Etter di han skriv *jdr* for *yðr* og elles i sume ord blandar saman *i* og *y* (*tygn*, *tyundæna* for *tign*, *tiundena*), hev han truleg vakse upp i ei bygd med itakisme, som det vel ikkje er upplyst at me no finn i dei norske bygder som høyrd til det gamle Marker (Ømark, Aremark og Rødnes), men som er vel kjend i Vinger, ikkje langt nordanfor, og ikkje reint ukjend vestanfor det gamle Marker heller, og som kann ha vore meir utbreidd syrr. Brevet er skrive i Stavanger.

Me tek for oss nr. 55 i andre bandet av diplomatariet, eit kongebrev som klerken Olav Arneson hev skrive (Oslo 1299). Ogso her er eit heller regelrett skifte millom endingsvokalarne *e* og *i*, *o* og *u* paa lag som i trøndsk. Men her vert *a* alltid til *o*, naar det kjem *u* i stavingi etterpaa (*odrum*, *ollum*, *jorðum*, *hofum*, *gognum*, *monnum*). Halvljoden millom konsonant og endingi *r* er *e* (*Olauer*). Dette saman med former som *þat*, *þar*, *konongr*, *lunnendom* merkjer maalet ut som nord-vestlandske. Men naar brevet hev formi *Oslo* (vestl. *Åslo*), maa dette vera paaverknad fraa maalet i Oslo; der er brevet skrive, og der hev denne klerken kanskje ei tid vore prest.

Baard Petersson, som hev skrive kongebrev fra 1297 og frametter, skriv ogso ein slags vestlandske, men med ein annan svip enn Olav Arneson. I endingarne brukar han stundom noko meir *i* (*hædi*, *full-komliga*), skriv ofte *pt* for *ft* (*optar*, *æptir*) og brukar former som *husprøya*, *hertugi* ofl. som tilsaman synest nærmast hava heime inne i fjordbygderne ved Bergen. Likevel er der mindre av slike vestlandske sermerke enn me skulde venta hjaa ein hardeng som Baard var. Og endaa han er heller stød i rettskrivning etter maaten den tid, er der ikkje so liti vingling millom ymse former som nettupp er gamle maalføremarker. Soleis brukar han stundom vestlandske former som *skolu*, *konungr*, stundom dei meir austnorske *skulu*, *konongr*. Merkelegast er haltingi millom ljodbrigda og ikkje-ljodbrigda former som *hofdu* og *hafdu*; *hafum*, *sannom*, *hardum* skriv han alltid med *a*, endaa der ikkje er grunn til aa tvila paa at dei alle var ljodbrigda i Hardang. Naar Baard vik av fraa sitt eige vestlandske maalføre, er mynstri som han sylgjer, jamnast aa finna i trøndemalet. Neittingspartikelen (vestnorsk og austnorsk: *u* —) skriv han helst *o* —, som ogso er trøndsk. Serleg austlandske former (som *æ* for *a*) finn me inkje i brevi hans,

Han skriv vestlandsks med ein sterk trøndsk svip. Men um dette meir sidan. — Umsfram dei brevi Baard hev sett namnet sitt paa, kann han ogso ha skrive III, 41 (1298) og II, 53 (1299), um ein skal døma etter maalformi.

Gabriel klerk (1289 og frametter) skriv etter trøndsk mynster, men ymse avvik synest visa at han er vikværing, soleis *settægerd, røttyndi*, alltid *meðr, viðr* ofl.

Alv Halvardsson (1289) skriv meir etter vestlandsmynstri; men naar han skriv *vmbodæss men, Oslo, sinæ* for *sina*, fær me ein mistanke um at ogso han er vikværing.

Øystein Ivarsson synest fylgja mest sitt eige maalføre som maa vera fraa Agdesida. Han kjenner ikkje *e* som ending (anna enn i *are* i det vanlege dagsetningsordelag i slutten paa brevet sitt som er skrive i 1298), men brukar alltid *i*; endingsvokalarne *o* og *u* brukar han noko-lunde regelrett, men er ikkje viss paa um det skal vera *gardenom* som han fyrst skreiv, eller *gardenum* som han skriv sidan. Ljodbrigdet av *a* til *o* er gjenomført (*ollum, onnur, gordum, odruiis*), nær som i *mannum, ambun; hafum* og *hofum* skifter. *Ollum mannum* stend i lag two gongjer, og det er difor moglegt at maalføret hans hev havt det so. Han skriv *Niddarosi, brøddronom*, og *bodskab* for *boðskap*; den primitive partikel *er o-*, som kann vera brukta sumstad i Agder og soleis høyra til Øysteins maalføre, men det kann ogso vera innverknad fraa den aalkjende trøndeform, liksom namnet *Bergwin* i same brevet.

Det er enno ein klerk, Aamund prest, som hev skrive eit kongebrev i denne tidi (II, 20, Bergen 1283). Han er i maalet i sume maatar lik Øystein Ivarsson; der er soleis ikkje regelrett skifte millom endingarne *e* og *i*, daa *i* hev eit stort yvertak; skiftet millom *o* og *u* er derimot holder regelrett (nær som *quædio*; men lengst sud i landet hev det visst vore regel i sume maalføre aa hava *o* etter *i*); *u*-ljodbrigde av *a* i *ollum, haufuum, monnum*, men ikkje i *aðrum* og *ambun*; neittingspartikelen er *o -*, og der er former som *kommast, pussund vætra*. Det merkelegaste er likevel at det finst nokre austnorske (helst upplandske) former i dette brevet: *mæðr, Biærguin, frialzis* (?) og skrivematen *haufuum*, og so er der halting millom *rettændvm* og *rettynda*. Derimot finn me ikkje framskot av *a* til *æ* i endingar. Ein kundetru det var ein upplending som skreiv etter sudvestlandsks mynster.

Av dei brevi som i dette hundradaaret ikkje ber klerkenamn, synest dei two eldste (I, 3; 1207—17, upph. Philipus k., og II, 5; 1224?) vera skrivne paa eit viksk maalføre, 3 (I, 51, 1226—45; I, 60, 1265 (?); II, 12, 1265) er paa trøndemaal, og 2 (III, 41 og II, 53, umrødde her ovanfyre)

paa vestnorsk etter same mynster som Baard Petersson skreiv; i brev (V, 14; 1285; upph. Ingebjørg) er paa eit blandingsmaal (vestlandsk-trøndsk), men svært ustødt skrive.

Av avskrifterne er 7 av dei eldste og 1 fraa seinare tid utan klerkenamn. Aa segja kva maal upphavsbrevi att desse er skrivne paa, vilde berre vera gissing. Av dei andre 5 hev Olav kerk skrive 1, Jon notarius 1, Gabriel kerk 2 og Ingolv kerk 1 (sudtrøndsk?).

Fraa 1300 til 1400 (1301—1400 inkl.) hev me eit ovstort brevrike fraa alle kantar av landet. Av kongebrev hev me 213 (derav 154 upphavsbrev); der er brev fraa mesta kvart aar, minst i dei nærmaste aari etter 1350 (mannadauden). Her vil me røda um brevi syre 1350.

I den fyrste tidi (til og med 1323, 36 brev) finn me det same tilstandet i maalvegen som fyrr. Nokre klerkar skriv enno etter reint trøndsk mynster, soleis Haakon Ivarsson ell. notarius (1314—1323), og Torstein Torsteinsson (1305). Sameleis Simon kerk (1301—1304) og Tord kerk (1313); men desse two hev ymse avvik fraa vanleg trøndsk; soleis skriv dei *monnum* for *mannum*. Balte kerk skriv vestlandsk (1307—1308). — Halvard kerk (1311) skriv etter trøndsk mynster, men former som *sinæ*, *Vilungæ*, *tuæggixæ* viser vel at han er austlending.

Dei klerkar som me hev dei fleste brevi etter fraa denne tidi, er likevel Baard Petersson, som hev skrive kongebrev fraa 1297—1316, Ivar kerk ell. Ivar Audunsson (1306—1335) og Torgeir kerk eller Torgeir Toveson (1308—1320). Um Baards maal hev eg fyrr tala. Ivar og Torgeir vik ikkje mykje ut fraa Baard i maalvegen. Dei skriv alle tri ei millomform millom trøndsk og vestlandsk.

Det reine trøndemaal er for desse klerkar ikkje lenger eit mynstermaal som dei berre av vanvare kann koma til aa forsynda seg mot, so dei dritt ned i sitt eige maalføre no og daa, liksom Bjørn av Markom (og Alv Halvardsson). Dei skriv derimot liksom etter eit anna mynster, med sterkt underlag i trøndsk, men med sume avvik, som kjem so ofte atter hjaa dei alle at det ikkje kann vera tale um at det er gjort av vanvare. Det er elles sjølvsaqt — for det laag i tidi — at ogso desse klerkar er ustøde til ymse sidor. Gunnar kerk (1301—1303) og Eirik Ormsson (1311) fylgjer same stemna som desse tri.

Vigtige avvik fraa den reine trøndeform (mynstertrøndsk) hjaa alle desse sistnemnde klerkarne er;

u-ljodbridge av *a*, som var aalment paa Vestlandet, men ikkje fanst i rein trøndsk, vert hjaa desse klerkarne brukta i visse høve, helst naar det stend ein labial framfor *a* (*monnum*), og naar ordet stend i andre samansetningsled (*formonnum*). Baard hev likevel meir av dette ljodbrigde enn dei andre; han skriv soleis stødt *ollum monnum* etter maalføret sitt, medan dei andre skriv *allum monnum*; i det trøndskne *mn* (*stæmna*), som paa Vestlandet sunnanfor Firdafylke ventleger for det meste hev vore *fn* (*stefna*), vert det sett ein *f* millom *m* og *n* og skrive *mfn*: *nemfningum* (Baard), *stæmfno* (Torgeir), *næmfnazst* (Ivar), um enn ikkje alltid; vokalskiftet i endingarne med *e* og *i*, *o* og *u*, vert ikkje so strengt gjenomført som fyrr.

Dei næste klerkar etter dei nemnde er Paal Styrkarsson (1328—1340), eller Paal klerk, og Haldor Agmundsson (1338—1339). Baae two held fram i same stemna med umsyn paa maalformi som Ivar Audunsson, kanskje den stødaste av dei klerkarne eg nyleg hev nemnt; det syner seg eit drag burt imot *-um* for *-om* og *-um*. Helge Ivarsson (1342) held seg nærmare til trøndsk, men brukar sterkt endingi *um*. Dei fleste brevi me hev fraa desse klerkarne, er skrivne i Oslo, som enno ofte vert skrive *Aslo* (ɔ: *Áslo*), den vestlandske form. Fraa Arne klerk hev me fleire brev som han hev innsigla (1343—1350), men det er ikkje sagt han hev skrive deim. Baade i desse brevi og dei mange andre kongebrev som er skrivne millom 1342 og 1350, men som ikkje inneheld upplysning um klerk eller innsiglar, hev maalet mykje godt den same normale svipen, naar me tek undan 2 brev, det eine fraa 1349 (Aslo, I, 345) med ein sterkt austlandsk svip, og eit fra 1350 (Vesteraas, III, 271, brev til jamtarne) med sterkt svip av Jamtelands maal (smlkn. III, 235 & 237).

Etter dette kann me segja at maalet i dei norske kongebrevi fraa 1323—1350 skil seg ut fraa maalet i dette slags brev fyrr, med di det no hev vorte meir einskap i formi. Av dei mange maalføri som me finn fyre 1300 i kongebrevi, hev det eine etter det andre ståna eller runne saman med ei form som me fyrst finn hjaa Baard Petersson i 1298, og som fær yvertaket yver dei andre. Klerkarne skriv ikkje lenger, ein etter trøndsk, ein etter nord-vestlandske, ein etter sudvestlandske mynster. Der er hjaa alle ei stemna mot ei og same form, dei kjem alle liksom fraa same skulen, so det synest vandt, ja oftast uraad, aa greida kva maalføre klerkarne fraa fyrstonne hev havt. Ikkje soleis at dei fylgjer dei same skrivereglar i alt; den eine skriv *x* der den andre skriv *e*, der er halting millom former som *hofum* og *hafum*, *ollum* og *allum*, og millom *o-* og *u-* som neittingspartikel; men dette kjem ikkje lenger fram som merke paa klerken sitt eige maalføre, men skriv seg fraa det

at heile samlingsformi enno er uklaar paa sume sidor. Talen mot biskoparne, som Ivar Audunsson hev avskrive, venteleg etter eit trøndsk mynster, er sterkt paaverka av denne formi, som me dessutan finn atter i sume brev fraa hovdingar og presteskap i det 14de hundr. og som det ikkje synest vera nokon stor vande aa normalisera.

Korleis denne formi hev vorte til, kann eg ikkje segja. Eg tvilar um at det er noko bygdemaal, og trur heller det er ei aalmenn millom-form millom maalfør i aust (trøndsk) og vest, kanskje framvaksi i umgangslivet i kongsgarden millom kongsfolket og hovdingætterne fraa dei ymse landsluter og det høgre presteskap. — Det første brevet i denne formi finn eg i 1296, Bergen (III, 37); upphavsm. er Peter Gudleiksson, Eirik lagmann ofl. og det vedkjem korsbrøderne ved Kristkyrkja i Bergen, som venteleg (?) hev sett upp brevet.

Lat oss sjaa paa nokre sidor av maalet som det ovrar seg i tidi millom 1324 og 1350 (inkl.) i kongebrevi (40 brev, upphavlege ell. slike avskrifter som er reknande for upphavlege).

a. *u*-ljodbrigdet av *a* til *o* (skrive *o*), naar *u* stend i næste staving, er jamnast gjenomført, naar det framfor *a* gjeng ein labial konsonant *b*, *f*, *m* eller *v*, eller naar det etter *a* kjem *g(h)* og ordet hev *o* ogso i nom. Soleis *sundforum* 1 br., *monnum* 29¹ (*monnom* 2 (1349, 1350), *monnum* og *mannom* 1), i siste samansetningsled alltid *-monnum*; *morkum* 9, *fiskiuotnum* 1, *loghum* 9 (*laghum* 1), *Ogmundr* 4 (*Aghmunder* gen. 1), *hordum* adj. 1. — Undantak er: *Fallum* 1, *Worno* 1, *fadur(s)* 3, *-fastu* s. f. 3, *allzvalldugum* 1, *-uaku* s. f. 2 (men ogso *-uoku* 2) med paaverknad fraa maalføre utan dette ljodbrigde.

Der er ogso ei tilstemna til ljodbrigde naar der tett attmed *a* (fyre eller etter) stend labial eller guttural konsonant, eller naar *a* stend i andre samansetningsleden: *ofusu* 1, *Rofund* 1 (*Ræfun-dum* 1), *tilloghu* 1 (*tillaghu* 1), *-sogdum* 1 (*-sagdum*, *-sagdu* 3), *agongur* 1 (*agangur* 1) *atolur* 1.

Elles held *a* seg utan ljodbrigde. Soleis *annur* 4 br., *adrum* 6, *adru* 1, *daghum* 3, *hafuum* 1 pp. 10, *hafdu* 3, *hafdum* 1 pi. 1, *haghum* 1, *kallum* 3, *sealfuum* (*sialfum* o. fl. skrivemaatar) 23, *stadium* 3, *Upplandum* 1, *Uppsalam* 1, *Øystradalum* 1, *verandum*, *vidrkomandum* o. fl. — *allum* 27 (*allum* og *ollum* 2, *ollum* 5).

Biorguin hev *io* i fyrste staving i 5 br., *ia* i 4, *e* i 2.

¹ Tali etter dei gnorske former i denne samanhengen gjeld brevmengdi.

- b. Verknader etter ljodbrigdet ved halden *u* finn me ogso i *-møsso* i 13 br. (*messo*, -*u* 3), *mykit* 1, *mykiul* nsf. 1, *Sya* 1, *Suyia*, *Swyia* 32 (derav *Swya* 29), *Syariki* 1 (*Swia*, *Svia* eller *Swija* 5); præp. millom hev eg berre funne i 3 brev, og han vert der skriven *mællim*; *skulu* vert oftaast skrive so (2 br. hev *skolo*).
- c. Verknad etter ljodbrigdet av *á* ved burtfallen *u* (austl. paaverknad) syner seg i *Oslo* 13 br. (men *Aslo* ɔ: . *Áslo* i 9, *Oslo* og *Aslo* 1); *forsio* s. f. 1; vor pron. npn. skifter med *var* (ɔ: *vår*).
- d. Merkeleg er *Heidmark* dat. 1345—50 (X, 57₂), jamlaga etter gen. *Heidmarkar*.
- e. Ugreida med bruket av *e* og *æ* er som vanleg i norsk; desse vokalar vert bruka mykje um kvartanna i same ord, ofte i same brev: *með*, *mæð*, *mædr*, *æda*, *eda*, *nesta* og *næsta* adj. Der er likevel mest *e* i denne tidi; soleis vert skrive *sem* i 30 br., *sæm* i 6, *sender* (*sendir*, *sendir*) i 29, *sændir*, *sænder* i 6.
- f. Etterljodbrigde av *a* til *æ* ved *i* finst det mykje av: *diækn* 1, *giællda* v. 1, *giæfuer* (plur. av *giøf*) 1, *giærnsamlega* 1, *iæmnan* 1, *jæmfullan* 1, *kællaran* asg. 1; haltande millom *ia* og *ix* er: *erkidækn* 1 (-*diakn* 1), *Jæmtalande* 2 (*Jam-* 2), *iærdaskipti* 1 (*jarder* 1). Alltid *ia* (*ea*) hev: *sealfr* (ofte), *freals* (*freast*, *frealslege*) 5 br., *frealse* s. n. 6 (*frelse*, den trønderske eller nordnorske form 1),
- g. *i* hev vorte *y* framfor *rð*: *vyrda*, *vyrdning*, *hyrdskra* s. f. Framfor titelen *herra* finn me *virdulegr* til blands med *vyrdulegr*: *virduleger* *herra Iwar*; i eit brev *vanwirdir*.

Like eins hev *i* vorte *y* i *þorgyls*.

- h. Av andre vokalhøve er merkande: *firir* 34 br. (*firir* og *fir* 1, *firer* 1), *ifuir* (alltid), *ymis* 5 (*jmisir* 1).

Dei pronominale ord *þan*, *þat*, *þar* syner seg med *a* i 30 br., svingar millom *a* og *e* i 3 (mest *a*), og hev *e* eller *æ* (*þen*) i 3.

huær pron. hev *e* (*huerium*) eller *æ* (*huær*) i 20 br., blanda *huær* og *huar* i 5, berre *huar* i 4. Vanleg gnorsk *huersu* hev vorte *huorsso*.

Merk: *lunnyndi* 2, *rettyndi* 4, *sannynyndi* 2.

- i. Distongarne vert skrivne *au*, *ei* (*xi*) og *øy* (*xy* 1 g.). Dei held seg godt heile denne tidi i kongebrevi, so nær som i III, 271 (1350) som hev *ø* i *øræ* (for *aurar*), *siay* (for *siau*) og 1 g. *the* (for *þeir*, som brevet elles hev fleire gongjer); men dette brevet er som fyrr sagt paaverka av maalføret i Jamteland. — I I, 217 vert skrive *Røkhollte* (misskrift?) for *Røykhollte*, gard i Eidsvoll.

Burtimot 1350 vert det stundom skrive *æi* eller *ei* for *e*, naar næste staving i ordet hev *i*: *fræilsis* 1349, *hueirium* 1350; *smlkn.* *gæingiærdar* (for *gegnierdar*) 1347 (V, 192). Denne tviljodingi finn me baade fyrr og seinare; men i dette tidebilete er der elles ikkje mykje av det.

- j. Ljodsamhøve millom endingsvokalen og vokalen i stavingi syreata er regelen i alle brev, ofte med utjamning av *-om* og *-um* til *-um* i alle høve, som ogso er regelen i 9 brev. Men i dei fleste brev er der ikkje so faa undantak fraa dei gamle strenge reglar, helst so at *e* trengjer seg fram der me ventar *i*. Ordet *sendir*, som me skulde venta i denne form, vert ogso skrive so i 18 br. men 17 skriv *sender*. Endingi *-leghr* (*-læghr*) adj. vert bruka i 30 br., *-ligr* i 3 (dessutan *-lagr* i 1). Det oftnemnde brevet III, 271 hev *fulkomleka* som adv. (svensk paaverknad). — *konongr* i 34 br. (*konungr* i 4); *son* (alltid); *honom* og *honum* skifter (3 brev kvart); *biskup* (alltid); *aertogh* 4 (*ørtogh* 2), *herthoginna* (*hær-*) 2 br.
- k. *a* held seg som regel godt i endingarne, um det endaa kann slenga ein *e* for *a* her og kvar og mest i brevi fraa den siste tid, t. d. *Aghmunder* gen., *Sighurder* gen. 1338 (II, 229), *Jæmtelande* 1345 (V, 175), *hestæ* apl. 1347 (V, 192). — Infinitiv ender paa *a* i alle slags verb i alle brev nær som det fyrrnemnde I, 315 som hev *ligia* 3 pp.
- l. Halvljoden (svarabhl.) er *e* i alle brev, undt. 3 der det er blanding av *e* og *a*.
- m. Privativ partikel er *u-* i 14 br. og *o-* i 3, blanda i 1 (1350).
- n. I ord som *æftir*, *tuft* o. fl. stend *ft* i 16 br. og *pt* i 11; i 3 er der blanding, so det er ikkje stort yvertaket *ft* hev. — I ord som *nafn*, *hefna* hev 7 br. *mfn*: *namfn*, *hæmfna*, 4 br. hev *mfn* og *mn*, 6 hev *mn* (*md*), 2 hev *fn*, 1 hev *fn* og *mn*.
- o. *þ* vert skiven i fyrstningi av ordi som i vanleg gnorsk i alle brev undt. i Vesteraasbrevet, som ogso oftast hev *þ*, men two gongjer *th* (*thæt* for *þæt*, *the* for *þeir*). For gnorsk ð finn me oftast *d*, men ð finst no og daa heile tidi, baade i stodor som *guðs*, *með*, *garða*, *hafðum*, *firirsaghðu*, og etter *l* (3 br.) og *n* (4 br.): *valð*, *værnd*. I det tidtnemnde Vesteraasbrev fraa 1350 vert skrive *þ* for ð i *biþom*, *byþiom* (*bidium*). — For *doms* stend *ðoms* I, 217 (1332).
- p. *r* held seg som ending: *kirkiunnar* gsg. *konongr* nsg. *loghmader* nsg. *þræmmr* dpl. av *þrir*, — og er sjeldan burtkasta som i *Katrinamesso* IV, 321 (1347), *bygdarmenn(e)næ* npl. 1349 (I, 315₇, austlandsk).

- q. -st, skrive (*z*)st, i passivformer i 16 br., -s i 2, blanda i 1. Døme: *andazst, ændast, næmfnazst, odlazst, profuazst, varazst*.
- r. -sl- i *Asla* 1346.
- s. gh i alle brev undt. III, 139 (1325), som Ivar klerk hev skrive; han brukar elles gh, so det er vel eit hende at der her er berre g.
- t. Bøygningane aat nomina og verb er i det heile som i vanleg gnorsk; merkande er likevel:
1. *hirdir* vert 1347 bøygd som *hani*; *fader* hev gen. *fadur* og *-fadurs*.
 2. Dativ for genitiv: *ok glöyma þær við guðs retter ok hæilagre kirkiu*, VI, 196 (1350).
 3. Personleg pron. me heiter jamnast *ver*; *mer* vert brukta III, 307 (1350); VI, 195 (1350) og I, 315 (1349) hev *ver* og *mer*. I eldre kongebrev er ogso *ver* den brukelege form. — I det demonstr. pron. trengjer *þan* (*þen*) seg inn i nom. sing. for *sú*, og endaa asf. for *þa* 1347; *þeim* for *þau* apn. 1335. — Det relative pronomene er oftast *sem*, som i Vesteraasbrevet 1350 vert umbytt med *som*.
 4. 2 pers. plur. av verb endar paa *er* eller *ir*: *þer vitir, later, gerir* (vanleg gnorsk: *viti*, *latet*, *gerit*). Denne endingi hev eg funne i 19 br.; *-it* hev eg ikkje funne.
 - u. Bindeordet eller, som i alle kongebrev syre 1300 heiter *eða*, hev enno denne formi i 5 brev og skifter med *æðr* i 2 br.; men i 23 br. heiter ordet *æðr* (*ædr*, *æder*), og i 1 *æðar* med svarabh. *a* for *e*; — gnorsk *bæðe-ok* heiter *bade-ok* 1338.
 - v. Av framande ord er det mest berre latinske som møter oss i kongebrevi fraa denne tidi. Dei vert for det meste bøygde paa norsk: *alteri* n. *canceler* m. *kapello* dsg. *communs* gsg. *pelagrim* asg. *pinu* obl. *proventor* pl. *testamento* s. f. dsg.; men sume vert bøygde paa latin: *articulis* dat. plur. *kapitulo* dsg. *privilegia* apl. *secreto* dat. sing.

Andre nye ord er *vppanduarda* 1345, *erlegr* 1338. Vendingi med *guðs miskunn* vert etter 1342 brigda til med *guðs nað*, som etter denne tidi er det mest vanlege i kongetitelen.

Den svenske paaverknaden er, som ein vil sjaa, mindre enn me kunde venta i dette tidebilet.

Som prøva paa maalet i denne tidi set eg hit II, 214 fraa 1335:

Magnus med guðs miskun Noregs Sivya ok Gota konongr sender allum verandum ok vidarkomandum guds vinum ok sinum þæim sem þetta bref sea æðr høyra q. g. ok sina. Ver vilium at þer vitir at ver

stadfestum enn af nyiu med þesso varo brefue gerd þa alla ok skipan sem vyrdulegr herra Hakon konongr agætrar aminningar modorfader vaar hin kærazste gerdi ok skipade j Mariu kirkiu j Oslo. gudi allz valldugum ok hans heilaghum monnum till lofs ok dyrdar. en ser ok sinum æftirkomandum til salohialpar. einkanlega giæfuer þær allar sem han gaf till kirkiunnnar sua sem er syslan j vestra Bergheimi, Lomadal ok Marghrettardal. visøyre ok leidangr ok allar adrar gæfuer smærre ok større j huerri grein ædr namfne sem huert er. kirkiunni till æfuenlegrar eignar ok freals forrædes, fulkomlega firirbiodande huerium manne þessa vaara gerd ok æfuenlega stadfesto at riufua j nokorom lut. næma huer sem aat þui værðr kunnr ædr sannr vili suara oss tuennum atta erthogum ok þrettan morkum j brefuabrot. ok a ofwan tuigilda kirkiunni allan sin skada. þat vilum (ver) ok at aller menn viti at þo at ver gæfuim nokor bref vtt her um mote þesso varo brefue saker vaarar vangøymslo ædr þxira sem nester oss ganga. at ver kallum Jeim oll aftr ok vnyt gerom. ok vilum at þau hafuezst firir engo. Þetta bref var gort i Tunsberghi manadaghen nesta firir Michialsmøssø a siautianda are rikis vars ok insiglat oss sealfuum hiauerandum. Paall Styrkars son ritade.

II. Millom-norsken (1350—1520).

Av grunnar som eg annan stad hev havt tilføre til aa peika paa¹, fell det laglegt i den norske maalsoga aa skilja ut tidebilet fraa midten av det 14de hundradaaret til ut i den fyrste fjordeparten av det 16de som ein merkeleg serskild bolk. Det er i denne tidi at det store maalskiftet gjeng for seg, eller at gamalnorsken gjenom millom-norsk lagar seg um til nynorsk.

Den tilstemna til brigding og umforming som der alltid hadde vore i maalet, fekk av ytre og indre velkjende grunnar i denne tidebolken eit framskot, som sette slik fart i umskapingskrafterne i maalet at yvergangen vert gjord paa vel 150 aar og likjest — i alle fall i dei skriftlege minnesmerke — meir ei umbrøyting enn ein maalvokster.

Kjennemerket paa denne yvergangstidi, soleis som ho viser seg i minneskrifterne — for det meste diplom av alle slag — er ei uvanleg formløysa og maalblanding. Gamle og nye norske former av alle slag

¹ Sjaa Upphavet til det norske folkemaal. Sertrykk av »Syn og segn«. Kristiania 1899. Sid. 14—15.

skifter stendigt, ofte i same brev: *fadur* og *fadurs*; *sá*, *þenn* nsgm.; *stufu*, *stofu*; *sem*, *som*; *sek*, *sik*, *segh*; *ædr*, *æller*; *maðr*, *mann* nsg.; *adrom*, *androm*; *þeim*, *þem*, *them*, *thom*, *thóm*; *ver*, *vi*, *mer*. Svenske og sidan danske former og nedertyske ord trengjer seg inn i blandingi og gjer røra større: *kaupenscap*, *køpenscap*; *kerliga*, *kærlica* adv.; *þeir*, *þei*, *þe*, *the*; *ek*, *jæk*, *jak* (stundom i same brev); *fríihet*, *rettigkeit*; *forbiudum*, *forbydom*; infinitivformer paa -*a*, -*æ* og -*e* utan regel (døme: D. N. IV, 901, kongebrev fraa 1447: *høyra*, *hafa*, *hafuæ*, *wiliæ*, *smakæ* o. s. fr.).

I kongebrevi skulde me venta serleg aathug og umsut for formsida; men tilstandet er ikkje stort betre der enn i andre brev.

Likevel er ikkje dette aa taka soleis at der ikkje er anna aa sjaa i brevi fraa denne tidebolken enn formloysa, eller at all denne røra syner seg i heile sitt umfang straks etter 1350. Brevi fraa den fyrste tid etter 1350 skil seg i maalvegen ikkje stort ut fraa deim me nyst hev umhandla. Men avviki fraa det gamle møter oss oftare, sterkare og tryggare, so me skynar dei gamle former stend so laust at dei ikkje lenger er bergande. Og naar me skodar vel paa brevi fraa tidi kringum 1400 — ikkje berre kongebrevi, men dei fraa heile det norske fastlands-umkverve —, finn me at det gjenom all maalrøra veks fram ei røynleg ny maalform, som stend millom gamalnorsk og nynorsk og som me med full rett kann kalla millom-norsk maal. So ustød og svivsam som denne formi er, skyggjer ho likevel fram gjennom stormengdi av brevi fraa slutten av det 14de til slutten av det 15de hundradaaret og syner seg klaarast fraa 1400—1450.

Etter dette skulde det daa høva best aa skilja millom desse bolkar i millom-norsken:

1. 1350—1400, den eigenlege yvergangstid fraa gamalnorsk til millom-norsk.
2. 1400—1450, den eigenlege millom-norsk.
3. 1450—ca. 1520, yvergangstidi fraa millom-norsk til nynorsk.

a. Maalet i kongebrevi fraa 1350—1400.

Fraa denne tidi hev eg funne 78 upphavsbrev paa norsk maal, og 25 avskrifter, som ikkje kjem inn under umrøda naar det ikkje er tydeleg sagt. Det eldste brevet er fraa 1352 (VI, 208), og det yngste fraa 1395 (I, 548).

Umfram desse 78 norske raakar me i denne bolken paa brev av eitt nytt slag, det er 6 svenske og 1 dansk, som skal verta serskilt umtala sidan. Det eldste svenske er fraa 1364, det danske er fraa 1390.

I dei fyrste 20 aar hev maalet paa lag same svipen som fyrr. Men millom 1370 og 1380 veks det nye seg sterkt fram, baade i ordstomnarne og i endingarne, der den gamle *i* og *u* stendigt vik undan for *e* og *o*, som i slutten av denne bolken hev yvertaket i mange brev, um endaa dei fleste brevi ogso fraa denne tidi i det heile maa segjast fylgja dei gamle reglar for ljodsamhøve.

Elles er det aa merka med maalet i denne bolken:

- a. Med *u*-ljodbrigdet av *a* er det noko nær paa same maaten som nemnt i fyrr bolken. Men alt stend lausare, so skiftande former med *a* og *o* vert meir tidgjengde, og der er ei tilstemna til aa jamlaga dei ljodbrigda former etter formerne med *a*. Sumt av dette er vel svensk innverknad, som naar *barn* i fleirtal hev *barn* og dativ *barnom*.

Ord som eg hev funne berre med ljodbrigda vokal er: *Hofudøy* 1, *Iolund* 1, *morghum* 2 (*morghom* 1, 1368), *Odzore* 1, *Volubu* 1; og i siste samansetningsled: *jngioldum* 1, *tilgiofum* 1, *aloghum* 1, *alaughumaal* 1, *loghsogu* 1, *eftirstodur* 1 (men sjaa nedanfor), *fiskiuotnum* 1. Her er vel ogso medtakande: *monnum* 59, *monnom* 9 (fyrrste gong 1368), *monnum* og *monnom* 2 (*monnum* og *mannum* 1, *mannum* 1, 1385, arn. avskr.); i siste samansetningsled alltid *o*, nær som i eit brev *a* (1375); — *allum* rettar i denne tidi den fyrste vokalen mest etter vokalen i *monnum*, helst i innleidingi til brevi: *ollum monnum*; *ollum* hev eg notera for 49 br., *ollom* 7 (*ollum* og *allum* 8, berre *allum* 6).

Ostare *o* enn *a* hev: *ollungis* 3 (*allungis* 1), *jordum* 1, *jordom* 1, 1383 (*ja(r)dhum* 1), *loghum* 5, *loughom* 1, *loghom* 2, *tils.* 7 (*laghum* 1, 1387, *laghom* 1, 1381), *Ogmund-* 12 (*Agmunder* og *Ogmundar* 1, *Agmund-* 1); i siste samansetningsled: *agongur* 1, *agauungor* 1 (*vidergangom* 1), *-uoko* 8, *-uaku* 4.

Berre *a* hev eg funni i: *afwuso* 1, *Arnulfui* 1, *gammull* npn. 1, *gamlum* 1, *gardum* 1, *hæradhom* 1, *kallum* 1 pp. 1, *langhu(m)* 2, *mattols* 1, 1384, *fyrsagðu*, *salo* 1, *samu* 3, *samo* 1, 1384, *skattom* 1, *stadhugh-* 4, *takom* 1 pp. 1, *Warnu* 1, *pakkum* 1 pp. 1; i siste samansetningsled: *stemfnudaghum* 1, *-dalum* 4, *-fadurs* 3, *-fastu*, *-fasto* 6, *handgangnom* 1393, *Agato* 1, *øfrigatur* 1, *aftrkallom* 1, 1372, *Malstrandom* 1, *vskaddum*, — *om* 2, *Upsalum* 1, *Upsalum* og

Upsalom 1, 1378, *tiltalum* 1, *hiauarandom* 2, 1394. — *akrom* 1, 1376, kann ha havt å.

Oftare *a* enn *o* hev: *adrum* 2, *adrumb* 5, *adhrum* 1, *adrom*, *adhrom* 4, tils. 12, (*odrum* 2, *odhrum* 1, *odrom* 1); *adru* dsn. 1, *adro* 3 (fyrste gong 1382), *adru* dat. sing. fem. 1 (II, 535₂₃, 1393), tils. 5 (*odruuis* 1); *barnom* 2 (fyrste gong 1372), *barnum* og *bornom* 1; *fadur* 3, *fadurs* 1, *fadurs* 3, tils. 7, (*foður* 1, *foðurs* 1); *hafuum* 1 pp. 26, *hafum* 13, *hafwm* 11, *hafuom* 1, *hafuum* og *hafuom* 1, 1388, tils. 52, (*hafum* og *hofum* 2, *hofum* 1); *hafðo* 2 (*hofdu* 1); *halfu-* (*halfuo*, *halfunne* o. fl.) 14, (*holfu* 1, *haulfuu* 1), *hardum* 1, *hardom* 2 (fyrste gong 1384) (*hordom* 1), *markum* 7, *markom* 2, (*morkum* 3, *morkom* 1, 1384); *sealfum* 12, *sealfuum* 10, *sealfwm* 2, *sialfuum* 2, *sealffuom* 1, *sealfuom* 4, tils. 31 br.; hertil ogso formerne *sielfwm* 5, *sielfuum* 1, *sielfuom* 1, (*siolfwm* 1, *siaulfuum* 1); — i siste samansetningsled: -*stadom*, -*stadhom* 4 (*veidistodium* 1), *aterstadur* 1, 1384, *motestadhu* 1. Like ofte ljodbrigde som ikkje-ljodbrigde er der i: *onnur* 1, *annur* 1; *arfuum* 1, *arfum* 1, *aurfum* 1, *orfum* 1; *Jorunder* 1, *Jarunda* dsg. 1; *sannum* 1, *sonnum* 1. — Byen Bergen hev i fyrste staving: *Berg-* (trøndsk) 6, *Biorg-* (vestnorsk) 4, *Biarg-* (sudaustnorsk) 4, i siste staving alltid *-uin* (-*vin*, -*win*).

- b. Verknader etter *u*-ljodbrigdet ved andre vokalar hev me i *mykill* med *y* i alle former; -*messo* trengjer seg fram att og finst i 22 br., -*møsso* i 12; *Swya* (*Swyia*, *Suyia*) 29, *Swia* (*Swvia*, *Swia*) 16; landet vert skrive *Syiarikis* 1, *Swyarikis* (*Suyiarikis*) 2, *Swerikis* 8 (alltid etter 1390, *Sueriki* 1, 1370, *Suerikes* 1, 1395); præp. *millom* vert skrive med *i*: *millum*, *millium*, (*millom* 1376), so nær som *mellum* 1, 1392; *skulu* hev alltid *u* i fyrste staving; infinitiv oftast *skulu*, men i nokre brev etter 1372 ovrar seg formi *skula*.
- c. Merke etter austlandsk paaverknad er: *viderotto* (for: *vidrátto*) 1394, *forseo* 1352, *forsio* 1370 (for *forsiá*), vel ogso *wor* pron. npn. (for *vár*), *worn* asm. o. fl. Det austlandske *Oslo* hev no heilt yvertaket med kringum 30 br.; *Aslo* 3.
- d. Jamlagingi med former utan ljodbrigde byrjar breida seg til ord der *u* er burtfallen i eldre tid. Som fyrr nemnt finn me *Heidmark* alt umkring 1350; denne formi raakar me paa nytt 1382 (*Heidmarkenne*, dat.) til skiftes med *Heidmork*, som enno er i bruk (2 brev). Men no stig fram: *barn* (f. *børn*) apl. 2 br. *Danmark* 1, 1388, gen. *Danmarks* 3, *half* asf. 1363, *hæilagh* nsf. 1387, *hiælp*

- nsg. (‐ *hialp* ‐ *hiolp*) 1393, *fyrsgdþ* nsf. 1353, *sialf* (*sealf*) npl. 2 br. (oftare *siolfs*).
- e. Samanblandingi av *e* og *æ* er som fyrr; ein kann endaa finna *setta* inf. for *sæta*.
- f. Etterljodbrigdet ved *i* er der mange døme paa: *Bierna* (for *Biarna*), *Anbiærnarson*, *Kolbiærnarsyni*, *Fjelle* dat., *giælda* (for *gialda*), *Ingiældzwiik*, *hiælp* (ogso *hiolp*), *jærder*, *iæmfnan* (og *iæfnan*), *iæmvæl*. Nokre ord som fyrr hadde *ia*, syner seg no snart med *ia*, snart med *iae*; soleis *friælse* s. n. og *friels* adj. men ogso *frealse* og *freals*, som enno er det vanlegaste; umfram *sialfr* (oftast) finn me i sume brev *sixlf* (fyrste gong *sielfuom* 1364); attmed *iarn* kjem *iærn* (*iærnsmider* 1384); *Jemptaland* kjem i staden for *Jamtaland*. I *radgiafara* (1388) hev *ia* halde seg. — Det gamle *þionna*, *þionare*, *þionasta* skifter i denne tidi med: *þenara*, *þenesta*, *þiæna*, *þiænare*. I 1373 finn me *þeðnara*, som kann vera ei ljodbrigda form av *þionara*.
- g. Yvergangen fraa *i* til *y* framfor *rð* syner seg som i fyrr bolken: *fehyrða* 1363, *hyrdzstiora* 1372, *vyrdulegs* o. fl. Framfor *l* i ljodlinn staving gjeng ljodvokstren no lenger fram, so at me til blands med *y* finn *iu*: *þorgylse* dat. og *þorgiulse* dat. 1368 (same brev), *kyn-diulsmesso* 1388, *kyndulsmøssø* 1378, *kyndulmøssø* 1358, *Kætiul* 1362 (sudaustnorsk paaverknad). I ljodsterk staving hev *y* vorte *iu* i *kiurtell* 1384.
- h. Endaa skrifti er svært ustød, viser det seg likevel tydeleg merke til mange av dei vokalskifte som no skil nynorsken og helst austlandsken fraa gamalnorsk.

Brigde i stavingslengd kann liggja til grunn for skrivemaatar som *skip* 1365, *lutt* (lut) 1384 o. likn.

Opning og lægjing av vokalar er der ikkje faa far etter. Soleis:

- a* > *æ*: *dæghthingat* 1370, ? *skræddarar* 1384, *semþykt* 1358.
i > *e*: *skælom* dpl. 1386, *tel* prp. (til) 1390.
u > *o*: *om*, prp. 1395.
y > *ø*: *mølnum* dpl. (for *mylnum*) 1363, *Mariumesso* *førro* asg. 1365, *følgher* 1372, *bør* 3 sp. (byr) 1381, *førstinna* 1388.

Ljodjamning er der ogso teikn til. Soleis:

fyrejamning: *pikkizst* 1358, *sitzkini* 1358, *stufuu* 1365, *drozata* (*dröttseta*) 1384 (*drozate* 1370, *drozste* 1387), ? *Norighi* 1370, *kununger* 1395; — *tilsighia* 1370.

etterjamning: *odols* 1368, *syny* 1375, *synyz* 1384.

Merkande er ogso former som: *gifuir* 1370, *tingom* i pp. 1378 (jammlaga etter *gingom*), *bydhom* i pp. 1393, *sunnodaghen* 1364.

I nokon mun kann vel svensk innverknad liggja til grunn for sume av desse brigdi; men etter den veg dei austnorske maalføre hev teke, er det likt til at det meste av dette er norske maallydskor. Eldre norske maallydskor er: *dregha* (-*draga*), *val* adv. (-*vel*), *liuke* 1359, 1363 (Vestfoldmaal?), *eigh* (-*eighi*) 1363, 1365, *þyrfa* (o: *þurfa*) 1314, *bazto* superl. (-*bezto*) 1384.

Men tydeleg svensk paaverknad er det, naar det vert skrive: *attonda* (åttande) 1363 o. fl. *vmbudz-* 1370, *bud* (gn. *bod*) 1370, *firirbiude* 1370 o. fl. *waret* (*veret*) part. 1372, *troom* i pp. (trúum) 1373, *boor* (*byr* av *búa*) 1382, *landboo* 1385, *Guta* 1384, *niutande* 1384. Svensk innverknad ligg vel ogso til grunn for: *faar* (sauer) 1352, ? *wara* (vera) 1370 o. fl., *indraghen* part. 1374, *mughom* (*megum*) i pp. 1378, ? *handgangnom* 1393.

Nokre ord som er umtala i syrre bolken, vil me ogso taka med i umrøda her til aa syna maalbrigdingi:

firir prp. liksom fyrr den formi som jamnast er brukta (57 br.), dessutan *firir* og *fyrir* 1, *fyrir* 1, *firir* og *firi* 1, *firi* 6, *firir* og *firer* 1, *firer* 2. Men umfram desse norske former kjem no ogso upp *fore* og *fore* 3 (syrste gong 1378), *fire* og *fore* 1383. — *ifuir* (jamnast) fær i 1378 ogso formi *jfuer*, *iffuer*, og til sambruks med desse former ovrar seg i 1383 *ofuer* (*ofuer eine*). — *jmisir* (eller *imiser*) plur. hev alltid *i* i fyrste staving.

Pronominalformerne *þann*, *þat*, *þar*, som fyrr hadde yvertaket, er i fyrstningi av bolken enno mykje brukande, men lyt snart vika for *þenn*, *þet*, *þer*. Former med *a* i dessa ord finn me i 19 br., med *e* (eller *æ*) i 49 — derav 10 med *æ*; blanda *a* og *e* i 2 brev (*þat*, *ther* 1384; *þen*, *þatt* 1384).

huærr pron. hev heller ikkje det raaderom som fyrr; det er fulla einraadande i 30 br.; men i 10 skiftest det med *huer(r)* og *huar(r)*, i 20 raader *huar* aaleine, og i 8 (fraa 1382 og frametter) stig det fram ei ny austlandsform *huor* (no: *hår*); dativ *huorium* finn me i 16 br., *huarium* i 6. — For *huat* (det regelrette) finn me i 1382 *huot* (ny-austnorsk: *hot*, *håt*, *hå*, *å*). — *huersu*, som alt fyrr hadde vorte *huorso*, vert fraa 1369 oftaast skrive *huosso* (smlk. ny-austnorsk: *hüssen*, *åssen*). — Merkande er det at dei brevi som hev *þan*, *þat*, helst hev *huerr*, og dei som hev *þen*, *þet*, helst *huar*, men det er ikkje gjenomført.

-yndi oftast; *lunynyndi* 4, *rettyndi* 3, *sannyndi* 5 (sannindi 1362, *parfuindi* 1384).

- i. Diftongarne vert framleides skrivne *au* (kringum 60 br.; *ou* 1 br. 1381, sjeldan elles), *ei* eller *xi* (ein hende gong *ey*) og *øy* (kringum 60 br.), *øi* i 6 br. fraa 1361 og frametter.

Diftongarne hev i det heile det same vald som fyrr. Her og kvar kann me finna ein diftong samanknipen i eit einstaka ord, men næste gong ordet vert skrive, kjem distongen att. I sume høve, der dei dreg saman distongen til einskild vokal framfor lang konsonant, eller i ljodlett staving, kann ovringi vera norsk; i andre høve er det vel svensk innverknad. Dei tilfelli eg hev notera, er

1. av det fyrstnemnde slaget:

au → *u*: *Alguter* 1361 (II, 365₈; for *Algautr*).

ei → *e*, *æ*, *i*: *veet* 1358 (II, 338₉; for *veitt* part.), *en* art. asm.

1370 (II, 410₅; for *einn*), *Hinrikssyni* 1375 (II, 441₇ o. fl.), *Henrek Henreksson* 1382 (VII, 310₂ o. fl.), *Endridhessyni* 1383 (I, 483₅), *tekn* 1384 (V, 331₃₂, nynorsk oftast *tekn*), *skulda hämtigar* 1384 (II, 487₆, nynorsk *hemting*, sjaa IV. Aasens ordb. under *henta*), *rekningh* 1384 (II, 487₁₁, nynorsk *rekning*), *senstom* 1393 (II, 535₁₅), *Gunleksyni* 1394 (X, 88₄); *þem* (*þæmm*, *þæm*, *þeem*) i 7 brev millom 1378—1388 skiftande med *þeim*, *þirra* 1388 (I, 511₆; for *þeirra*); *sidarmer* 1395 (I, 548₇), *fyrmer* 1373 (I, 418₁₀).

øy → *ø*: *Samsø* 1352 (II 312₂; det svenske og' danske namn; i same brev *Bygdøy*).

2. av det sistnemnde slaget:

au → *ø*: *løn* 1384 (V, 331₃₀; for *laun*, nyn. *løn*), *løna* 1361 (II, 365₅; for *launa*, nyn. *løna*), *løghurdaghin* 1384 (IV, 523).

ei → *e*: *ledangren* 1364 (V, 250₁₂), *til redo* 1370 (II, 410₁₃; same brev *til reidu*), *ofuer ena* 1381 (II, 469₁₇), *gren* 1384 (II, 487₁₂), *heder* 1395 (I, 548₃), *hederleghom* 1385 (II, 488₃), *Ewindh* 1386 (III, 466), *framleedes* 1386 (III, 466₁₈; same brevet *framleides* 27), *Eriker* 1390 (III, 489₁) o. fl. stader, *pribredha* 1384 (V, 331₃₅).

øy → *ø*: *høra* 1375 (II, 441₂), 1386 (III, 466₂), *hører* 1386 (III, 466₂₁), *køra* 1384 (V, 331₆₃; nyn. *kjøra* Nordhordl.; brevet skrive i Bergen).

Sumt av dette kunde vel ogso vera misskrift, t. d. *þirra* for *þeira*.

Mange brev fraa denne tidi fram til 1378 merkjer seg elles ut med tviljoding av upphavsleg einskilde vokalar i ljudsterke lange stavingar, ogso utanum dei høvi at det kjem *i* i næste staving. Døme er:

e > *ei*: *eingin* pron. 1352 (*eingom* dat. 1358, *eingha* 1362, *eingte* neutr. 1354), *eingh* 1353, *kreinkkea* 1358, *eimbete* 1363, *quædiu* 1376, *seighitz* 1378.

o > *öy*: *bøyndr* 1352, *döymdo* 3 pi. 1368, *vmdöymi* 1353, *söykia* 1352, *rettebøyter* 1354, *öyftir* (o: *oftir* «after») 1359, 1363, 1365; *föyra* 1358.

y > *öy*: *föyrsta* 1353.

x > *ei*: *vandreide* 1369, *vandreydi* 1372.

Denne tviljodingi raakar me sjeldan paa etter 1378, som t. d. i II, 501: *tækit*, *seighizt*, *seighia*, *seighir*.

Merkelege er ogso formerne *fiell* 3si. (*fell*) 1373, *fioll* (*fell*) 1361; *searlegha* 1352 (2 br. for *sérlega*), *siætta* (*setta*, av *sex*) 1370, *siextande* 1370; svenske former?

I 1381 og oftare finn me *riofa* for *riufa*.

j. Ljodsamhøvet i endingar med skifte av *e-i*, og *o-u* maa segjast vera regelen i kongebrevi til kringum 1380. Dei gamle loger for samhøve er like vel ikkje strengt fylgde, og i dei fleste brevi er mange undantak, helst til den sida at *e* og *o* fær eit større vald enn dei skulde hava, soleis alt i det fyrste brevet fraa 1352 (VI, 208): *sinne*, -*huse*, *hyser*; *hafdo*, *sinom*. Etter *e* i stavingi fyreat vil det gjerne jamt fylgja *e* ogso der som det etter gammal skikk skulde vera *i*, som til dømes i I, 337 (1352—1353): *æfter*, *hefuer*, *værde*. I ei onnor leid gjeng undantaki i IV, 370 (1354) og VI, 238 (1358), der det syner seg ein tilhug til *i* etter *a* og *o*: *allir*, *frialsi*, *vndirstadit* — *allir*, *adrir*, *kommi*, og *u* etter *o*: *modur*, *nokorum*, *bondum*; desse brevi hev ogso gjenomført former som *fan* og *huer*, og det vert difor ein vestlandsk daam med deim. Men jamnast gjeng det ein annan veg. Alt i 1361 raakar me paa eit brev (II, 365) med so mykje *e* for *i*, og *o* for *u*, at det er tvilsamt um me kann rekna det under ljodsamhøvet; soleis ogso V, 250 (1364), X, 70 (1368; hev næstan gjenomført *-om*, liksom fleire brev etter 1368), VII, 279 (1369) og sume andre millom 1360 og 1382. Men fraa 1383 hev *e* og *o* slikt yvertak i sume brev, at me lyt kalla det regelen i desse.

Millom 1383 og 1400 er tilstandet i det heile so, at *e* og *o* hev yvertaket i endingarne i 8 brev; døme er I, 483 (1383), IV,

522 (1383), I, 528 (1390). Eit par brev VI, 338 (1392), II, 535 (1393) er tvilsame, medan 13 enno kann reknast gaa inn under reglarne for ljodsamhøvet. Dei two siste brevi fraa bolken: X, 88 (1394) og I, 548 (1395) hev *e* og *o* som regel. Det er elles nemnande at der også er sume døme paa at *o* og *u* i ending kann verta veikte til *e*: *sunnedaghen* 1353 (II, 315₁₄), *synnedaghen* 1367 (II, 390₁₂), *rikine* dsg. 1394 (II, 539₈).

Nokre endinger og former treng serskild umrøda. — Endingi *-legr*, som fyrr var sterkest, hev enno yvertaket til 1375 med 20 brev mot 5 som hev *-ligr* og 4 med blanda former. Men fraa 1376 før *-ligr* magti, so at der fraa dette aaret til 1400 berre er 5 brev med *-legr* mot 28 med *-ligr* (eit brev fraa 1388 hev *-lægr*). I 6 br. fraa 1369 og frametter raakar me endingi *likr* (svensk) og som adv. i sume brev den (sud)norske maalsøreform *-laga*: *loghlagha* 1359. — Namnet paa landet vaart finn me mest berre i genitiv og dativ. Genitiv er i dei fleste kongebrev, fraa det eldste som hev namnet (1283), til 1395: *Noregs* (128 br.), *Noreghs* 25 (fyrste gong 1297), *Noreks* 1 (1350), *Noræghs* 4 (Jon notarius). Dativ er *Norege* (eller *Noreghe*) 16 br., også *Noregi* (*Noreghi*) 6 br. Umfram desse former ovrar det seg etter 1370 nokre nyformer, soleis dat. *Norighi* 1370 (II, 410; i same brev *Noreghi*), og *Norighe* 1383 i 2 br. — og ein genitiv som synest laga etter dativformerne: *Noreghes* 3 br. (det fyrste 1377), *Noriges* 1390, og med midstavingsburtfall *Norges* 2 br. (1383, 1384). Dativen *Norighi* kann ha vakse fram av eldre *Noreghi* ved ljodjamning, men kann også saman med *Norighe* vera dativ av ei form **Norig-*; for ei slik form maa liggja til grunn for gen. *Norigs*, som synest vera ei sideform til *Noregs*, oppkomi i bygder der endinger med *i* hev havt yvertaket yver *e* (soleis *Norigs* XV, 22, 1364 i eit brev fraa *Auðnadle* i Agder); formi *Norigs* finn me også i eit norsk kongebrev fraa 1379; men av di dette brevet hev fleire svenske former enn norske, er det ikkje teke med i umrøda her, men vil verta umhandla sidan. Den nynorske form *Norig* kann soleis anten vera laga etter den tiljamna dativ *Norigi* eller av nomin. *Norigr*, ei sideform i sume norske maalsøre til *Noregr*. Det er ikkje umoglegt at nyformi sume stader hev kome upp paa den eine, og sume stader paa den andre maaten. — *konongr* hev til 1369 denne form i 21 brev, medan 4 hev *konungr*; men fraa 1370 til 1400 fin me *konongr* berre i 20 brev, medan 24 hev *konungr*, 2 hev *konongr* og *konungr*, eit *kununger* 1395, og eit *konger* 1373; pl. *kungar* 1382. -son er den vanlege form og finst i ei mengd brev

(sjeldan *sun* 1352, 1382; *son*, gen. *sunar* 1361). — *biskuper* hev denne form jamnast; men etter 1370 hev 3 brev *biskop*. — *honom* er notera for 18 br., *honum* 2, *hanom* 1, -*ørtogh* oftare enn *ertogh*. — *herberghe* 1384.

- k. *a* held seg i det heile godt som ending. I infinitiv stend *a* baade etter lang og stutt staving; undantaki er faa og spreidde: I, 376 (1362) *høyre* 1 g; — II, 476 (1382) *sætte*; — IV, 522 (1383) *liggiæ*; — II, 488 (1385, arn. avskr.) *kunnæ*; I, 528 (1390) hev: *høyra*, *hindra*, *seghiaæ*, *sætæ*; II, 539 (1394) *wtgeræ*. Utanum infinitiv er undantaki med *x* (eller *e*) for *a* i endingar fleire, men sær ikkje slikt yvertak at dei set noko sermerke paa brevi; det skulde daa vera I, 337 (1352) som i dette stykket er noko austlandsk.
- l. Halvljoden (svarabhakti) er oftast *e*. Men i kringum 20 br. kann *a* koma inn her og kvar i staden for *e*, t. d. *aftar*, *kemar* 1359 (XIII, 21), *bøtar* 1359 (II, 355), *Danmarks rettar ærfuingæ* 1388.
- m. Privativ partikel er *u-* i 39 br. (*o-* 3, *u-* og *o-* 3).
- n. I ord som *tuft*, *æftir* stend *ft* i 42 br., *pt* i 10; *ft* og *pt* hev 14 br., men 7 av desse hev *pt* berre i *opt(are)*, og 3 berre i *skipta*. — *mfn* (*mfd*) i 31 br. (*mfn* og *mn* 7, *mfn* og *fn* 2, *mfn* og *mp* 2), *fn* i 8 (*fn* og *mpn* 1, 1370), *mn* i 9, *mpn* i 4 (fyrste gong 1377).
Det regelrette vert soleis *ft* og *mfn*.
- o. *p* hev same stoda som fyrr og vert skriven heile tidi; etter 1370 kann me finna her og kvar *th* for *p*: *dæghthingat* (1370; i same brev *dagþinga*), *thet* 1380, *ther* 1384, og *thetta*, *thy* 1386 jamsides *þetta*. Skrivemaate som vitnar um skjepling i uttalen i denne tidi hev eg ikkje funne i kongebrevi. — ð vert helst skriven *d* (eller *dh*); men her og der raakar ein paa ð gjenom heile tidebolken, ikkje berre i stodor som: *meðr guðs nað* 1354, *Niðaros* 1392, men ogso *karðe* 1382, *vndir* 1362, *tigundh* 1388, *giold* 1391. I eit brev fraa 1388 vert skrive *p* for ð i *hoffingia*.
- p. -*r* held seg i endingar i det heile godt ogso i dette tidebilet, og regelen er at -*r* stend fast, um det enn ikkje skortar paa døme som syner at han sumstad maa ha klunge veikt eller vore burte, helst i endingi *ar* i gen. sing. av namnord (*Ogmunda*, *Sighurda*, *Sann-dina skipräid* 1365) og nom. & akk. fleirt. fem. av adjektiv: *vara nader* 1375 (smlk. *stikko* 1389 (V, 331₅₅)). At maalsansen i dette stykket hev vore veik, syner skrivemaaten *rikiannar* gpl. av *riki* 1370.
- q. -*st* i passivformer er det jamnaste og vert oftast skrive *zst* (7 br.) eller *tz* (7 br.), men ogso -*st* 2 br. 1352, 1372; -*s* hev berre 2 br. gjennom-

ført, og i 8 brev der skrivemaaten er blanda, er der også minst av denne formi.

- r. *sl* i *heslikneppo* 1354, og *tl* i *æthla* 1393. — Men i *Aslasyni* 1362 og *heitokætsla* 1384 ser me austlandsk paaverknad.
- s. *gh* finn me her og kvar i alle brev, ofte også *h* etter *ng* (*ngh*). Austnorsk innverknad ser me i nokre brev som held paa *v* framfor *r* i *rueide* 1364, *vreide* 1381, *rweide* 1386, *wreidhe* 1390.
- t. I bøygningi aat nomina og verb finn me i denne bolken ikkje faa avvik fraa det gamle. Soleis er nemnande:
 - 1. Den serskilde bøygning av *ia*-stomnar (som gn. *féhirðir*, *víseyrir*) kverv burt. Slike ord fær no i nom. -*e* (*fehyrde*, *visöyre*) og vert bøygde som *hane*. Mannsnamn som *Glöðer* og *þórer* vil derimot gjerne halda *r* i hele bøygningi: *Glöderssyni* 1359, *þorere* dat. 1380, *þorer* akk. 1359. Til skiftes med *maðr*, som er i bruk i skrift heile tidi, finn me også *man* som nom. 1378.
 - 2. Bøygningi aat *u*-stomnarne er i forfall, og formerne jamlagar seg med *a*-stomnarne: *Bjornsson* 1395 (for *Biarnarson*), *sons* gen. 1381, *son* dsg. 1388.
 - 3. I den bundne nom. sing. av mannkyns namnord fell stundom *r* burt: *konongdomen* 1370, *retten* 1378, *konongen* 1392. Sameleis fell *s* stundom burt i gen. i den bundne form: *profastens* 1354, *konongns* ok *rikkens* 1383, 1384 (finst også i mykje eldre tid).
 - 4. Gen. sing. av kvendkynsord i bundi form -*arinnar* hev vorte -*innar* i *ferdinnar* (for *ferðarinnar*) 1370; smlk. også *einginnar* (VI, 208; 1352) pron. gsf. av *engi* (etter ei form *eingarinnar*? jamlaga etter ei dativform: *eingarre*). — I staden for *u* raakar me paa *e* i *sunne dagh* eller *synnedagh* (ofte).
 - 5. Dat. sing. neutr. bundi form hev jamlaga seg etter mannkynsordi i *brefwenom* 1377 og *rikinom* 1393.
 - 6. Yvergang fraa neutr. pl. til fem. sing. syner gen. *laghar* 1378 *huær man skal sins (rettar)* ok *laghar niotande werda* II, 453⁸ — og *laghar dom* 1382, 1384 (eldre *lagadómr*).
 - 7. Akk. plur. m. jamlagar seg stundom med nom.: *manadar* 1372, *garder* 1382.
 - 8. Genitiv kjem i forfall, og dat. med eller utan præp. tek inn romet. Døme paa dat. for gen. er: *till . . . stadfestu þessare vare gafuo* 1362; *vtan doom hæilagre kirkiu* 1392; med allu *rikissens raade j Noreghe samþykt* 1392; *sakar þeirra fatøkt ok famenni* 1382. Præp. *til* styrer ofte dat. for gen.: *til adernemdre jord* 1384. — Elles synest det som også dat. vil taka til aa

- gjeva svigt: *i yttra skipreiduna* 1367 (II, 390₂), *wt j allan sin ret* 1392 (VI, 338₄6).
9. Serskilt merkande er: *jnnan þæssø varum gridhum* 1395, der *m* er burtfallen i *þæssom*; ei merkeleg dativform er *j Hwalwagha* (IV, 522₄; 1383); like eins akk. *Kopar vikona* (I, 511₁₄; 1383). — *bondomen* dpl. 1382 er svensk.
10. Med bøygningi aat adjektivi er aa merka at gen. & dat. sing. fem. ofte vil enda paa *ar* og *e* for eldre *rar* og *re*. Døme: *fyrnæmpdar* 1352, *godar* 1362; *fornæ* 1372, *fyrsaghde* 1387, *os sialfue hiauerandæ* (Margareta) 1388. Naar *a* i dette hövet gjeng til *æ* eller *e*, kjem det fram former som: *sælaster aminningar* (1384, gen. for *sælast(r)ar aminningar*), *agæter aminningar* (1381, for *agæt(r)ar aminningar*) V, 320₄, der dette gamle genitiv-ordlag utan formbrigde dessutan hev fenge præp. *med* framfor seg etter ny skikk.

Eitkvart maalføre maa elles ha gjenge den vegn at det hev kasta burt den siste *-r* i *-rar* i gsf. og halde paa den fyrste, soleis *hollra þionosto* 1381. Naar so dat. og gen. stundom vart brukta um kvartanna, kunde ogso slike dativ koma upp som: *varra kæra frw* 1364.

Adjektiv paa *-lighen* hev same form i nsf. som i mask. *vaar andelighen fader* 1370; *heidherlegen husfru* 1378.

Elles stend endingarne i det heile noko laust: *Eirike slemb* dat. 1353, *þa half lest biors asg.* 1363, *a fimto are* 1394, *a siætta are* 1395, *eptirkommandar* nplm. 1363, *i sino lifuandas lifue* 1381; *vari þa aller reidu til* 1370.

At det ofte maatte verta blanding av gamalt og nytt er rimelegt. Eit døme (med *agæter aminningar* 1381) er alt nemnt. Andre døme er: *sins lagha ok reet niotande* 1382 (berre fyrste ledet av ordknippet *-lagha* -bøygd); *j huoriar stet eder tighunder* 1382, der den gamle gen. er halden med præp. *j* framfor; *vnder varo ok adernemdz drozete varom jnzighlom* 1383, der dat. *drozete varom*, som hev genitiv-tydning, fær adj. *adernemdz* i genitiv-form; *jnnan halfs manad* 1387 (berre fyrste ledet bøygd), *jnnan þæssa tolf manadar* 1372 (berre fyrste ledet *þæssa* bøygd i gen.); *til þessa daghe* 1381 (fyrste led bøygd i gen.), *til ewerdelighrer eighn* 1384.

11. Pers. pron. 1ste pers. heiter *ek* (*ek* og *jach* i 1 br. 1383, upp-havsmann *Agmunder Findzon*); plur. *ver* (*veer, vær, weer* ofl.) i 45 br. og er den einaste til 1370. Etter denne tid syner seg

vii i 2 br. (1370, 1386) og *we* i eit brev fraa 1390 til blands med *ver*.

Samanblanding av dual. og plur. finn me i 1353, daa *þer* og *yder* vert bruka i tiltale til two, og i ordlaget *os badom fedgom* 1372. — *þik*, *sik* eller *sek* vert bruka for baade akk. og dat. i 1378, 1382. — *hon* kann i akk. hava *hona* og gen. *hennæ*, *henne* 1392.

Dem. prom. *sa*, *su* finst (1358), men sjeldan; oftast *þan*, *þan* (t. d. 1365); dpl. *þeim* vert ogso bruka for apm. Attmed *þesse* nsf. stend *þenne* 1370.

Rel. pron. eller partiklar er *er*, *en*, *sem*; dei finst alle gjennom heile bolken. Men attmed *sem* kjem *som* fraa 1377. Like vel hev *sem* yvertaket i heile denne bolken, med di *sem* er bruka i 18 br. fraa 1377—1400, *som* i 8, og *sem* og *som* i 12. Merkelegg er *þær* *þær* i II, 430₂₄ (1372—73): *Wilium ver ok at aller þeir menn sem vloket hafua um waar ok haust ok þær þær profuaz at fyr hafua vloket*, at o. s. fr. Her synest *þær* vera bruka som relativt pronomen.

12. Verbalbøyningi i fyristningi av denne bolken er som umrødt i den fyrre.

I undersetningi vert bruket av konjunktiv utvida, so konjunktivformer trengjer seg inn der som ein skulde venta indikativ. Soleis II, 368₇ (1362): *batstofuna med allum lunnyndum sem till henner leghet hafuer*; II, 412₁₀ (1370): *þxim til fulz forrædis sem þan altaran æiger eder eighande warda*; VI, 286₇ (1375): *til Ions vaku nu nest er komer* (der andre brev i nett sama stoda hev *kømr*); VII, 310₄ (1382): *Ingibiorg Sighurda dotter kærðe sirir os at hon naar ey retto af yder*. Dette gjer at det vert samanblanding af formerne i konj. og indik. i notid, so konjunktivformerne ogso flyt inn i hovudsetningar, og snart kann baae slags former verta bruka um kvarandre i dette yvergangstilstandet. Paa dette er der eit døme i IV, 522 (1383): *kungerer jach þat allum mannum at ek hefuer skipt og lenger nede i same brev: þy hauer (for hefuer) ek frielsat honom o. s. fr.* Former av dette slag (utan ljodbrigde) stend i denne tidi mest alltid i undersetningar; soleis umfram dei dømi som er nemnde: *komer* 1390, 1394; *xighir* 1384 (II, 487), *hafuer* 1386, 1394, 1395.

Det er kanskje paa denne maaten at Viki hev mist dei ljodbrigda former i notid av sterke verb.

Yvergang fraa fleirtalsform til eintalsform syner seg i 2dre pers. *þer tekir* 1353 (II, 315₆), *þer hefuer* 1358 (VI, 238₃₇), 1394 (II, 539₇); i 3dje pers. *hafuer* 1362, *xiger* 1380. — Hev denne yvergangen byrja i 2dre person?

Merkande former elles er: *fingom* 1378, *vordo* 3pi 1381, *worden* 1381,? *fiell* (*fell*) 1373, *bydhom* *veer* 1393, *þer værer* 1370 = *þer ser* 1358.

Svenske former er: *skulin* 2 pp. 1367, *þer seen* 1382, *sioll* (*fell*) 1361, *sat* part. av *setja* 1370, *indraghen* 1384, *standet* part. 1384, *mughom* 1378, *mugha* 1382 (norsk: *megha* 1365, *megho* 1373, *moghe* 1394).

- u. Av smaaord er merkande: *eða* (*eda*, *æða*, *æda*), som er den eldste form, finn me i 6 br. (siste gong 1382); den vanlege form er *eðr* (*eder*, *æðr*, *æder* (oftast), *æðr*, *ædar*, *æðhar*) i 66 br. gjennom heile tidi. I 1378 kjem det upp ei form *ella* (i sambruk med *eder*) i eit brev (I, 453₉), og i 1386 *æller* (like eins jamsides med *æðher*) i eit brev (III, 466, 5 gg.); ogso *heller* finst, 1354. — I 1392 finn me *vm* som konjunktion jamsides *ef*, og i same aaret en *po at* (= endaa, obgleich).
- v. Umfram dei same framande ord som i fyrr bolken finn me no fleire tyske og svenske ord, soleis: *bewara* (faast med) 1378, *befhof* 1392, *formughan* (evna) 1386, *forwara* 1382, *fyrstinna* (ofte), *genasta* (straks) 1372, *hopazst* (vona) 1358, *huilkit* 1361, *plægha* (*plægha jarn-winnu*, driva) 1358, *skomakara* *garden* 1382, *staat* (stett) 1372, *viterligt* 1370. — Ord som *gáfa*, *luða* v. *makt*, *þuinga* kjem meir i bruk enn fyrr. For *profosten* finn me *proosten* 1386 (III, 466₃₁), og for *fouitanum* (av *fowite*) finn me *foutanom* (nom. sg. *foute*) 1392.

Som fyrr nemnt hev me i diplomatariet fraa denne bolken umfram dei norske kongebrevi 6 brev paa svensk og 1 paa dansk, som treng ei serleg umrøda.

Det eldste norske kongebrev paa svensk maal er skrive i Ljodhus (*Ludhosie*) i 1364 (XI, 54; upphavsm. kong Magnus); i brevet byd kongen at ervingarne etter ein (svensk?) mann *Gutorm dekn* skal betala *tu dombrut*. Det næste svenske brev er skrive i Bohus (*Baghæhw*) i 1366 (VI, 268, Perings. avskrift; upphavsm. er kong Haakon); i dette

brevet gjev kongen til *Lafrinds Biørnsson* ein gard i *Dal* (ɔ: Dalsland). I desse brevi finn me fleire former som fyrst sidan kjem upp i dei brevi som er skrivne paa norsk; endingsvokalar er *e*, *i*, *o* og *u*, umfram *a*.

So kjem eit svensk brev som er skrive i *Draxmark* 1370 (I, 408; upphavsm. kong Haakon). I brevet forbyd kongen *allom mannom som byggja ok boa j Wermland ok a Dall* (Dalsland) aa hysa eller hjelpe *Swen Basseson*, som hev gjort kongen og hans menner stor skade. Endingsvokalarne i brevet er *e* og *o* og *a*.

Ei melding um tilstanden paa Akershus fraa Margareta til sin *aldrakærasta herra* kong Haakon (I, 409, 1370?) er ogso paa svensk, blanda med nokre faa norske serformer (*þa*, *þet*, *eino*, *fra*).

So er der eit brev som er skrive ved Holms kyrkja i Dalsland i 1379 (V, 314; upphavsm, kong Haakon). I dette brevet kunngjer kongen at han tilgjev *Nisse Knutszon* alle sine forbrot mot kongen. Ogso i dette brevet er der ein liten grand norsk blanding (*meir*, *theira*; kongen kallar seg *Norigs og Suerikes konunger*).

Det siste svenske brevet fraa denne bolken er skrive i Söderköping 1389. Brevet inneheld ei kunngjering fraa Margareta, *Suerikes ok Norghis drotningh ok Danmarka rætter ærfuinge ok førstinna*, til alle embætsmenn og innebuar i Jamteland, at ho hev teke erkebiskop Henrik i Uppsala og all hans varnad i si kongelige vern. Endingsvokalarne er, som jamnast i dei andre svenske brevi fraa denne tidi, oftaast *e* og *o* umfram *a*.

Av dei brevi som her er umtala og som er skrivne paa svensk, synest ikkje noko stila aat nordmenner eller aa umhandla norske tilstand, so nær som brevet fraa Margareta til Haakon og til Jamtarne. Men brevet til Haakon hev ein sterkt privat svip, og Jamtarne stod i kyrkjevegen ikkje under den norske erkebiskop, men under erkebispen i Uppsala.

Det er soleis likt til at kongemagi med fullt medvitend i denne fyrste unionstid hev late dei brevi som vedkom norske tilstand, skriva paa norsk, og berre slike brev som vedkom svenske tilstand, paa svensk. Den tydelegaste vitnesburden um dette er at den same dag — 6te oktober 1370 — som kong Haakon sende ut det fyrrnemnde brevet paa svensk til folket i Vermeland og Dalsland um at dei ikkje paa nokon maate skulde hjelpa, hysa eller skytsa „*Swen Basseson*“, sender han ut ei aalmenn kunngjering paa norsk (I, 407) um at han hev bode marsken *Eirik Ketelsson* og *Ulv Jonsson* gripa denne same mannen, som i dette norske brevet vert kalla „*Svein Basse*“.

Anna maal er det i eit brev som dronning Margareta sende ut fraa Ljodhus (*Ledese*) i 1390 (IV, 586). Maalet er her dansk, men rettskrivning og maalsøring er so klen at ein mest maa tru brevskrivaren hev vore nedertyskar (?) eller i alle fall svært ukunnig med dansk brevskriving. Brevet umhandlar *Milder Alfs gods*, men daa unionsdronningi — *Norges ok Swerik drottingh ok retter arwinge ok festinne i Danmark* — hev stila det til alle wore ebbes men, gjeld vel kunngjerdi embætsmennene i alle tri riki, ikkje berre i Norig.

Etter dette kann me daa segja at fram til 1400 er alle kongebrev til nordmenner um norske tilstand skrivne paa norsk maal.

Som prøvor paa maalet set eg hit ei fraa fyrstningi og ei fraa slutten av denne tidebolken.

1. Prøvor II, 338 (1358):

Ver Hakon meder guðs naad Noregs kononger gerom allum monnum kunnicht þeim sem þetta bref sia eða høyra at ver hafum fenget sira Odzore preste a Frone j Gudbrandzdalum fult afræðe ifuир jord þeiri er Grof eitir ok jamfnan hefuir leghit þeim prestom till landzskyldar tekiu er þionna cappellu varre a Steigh, sva lengi sem oss ok varom eftirkomandum likar, byggia ok landzskyld af taka, meder þeim hette at han seghi messo j fyrsagðre cappellu swa ofta sem skipat var af vaarom forældrum, ok aat forno hefuir veret siðuane aa, ok þar meder hafum ver gefuet honom firir sina þionistu er han hefuir veet capelluni siðan dauðin var, tolf aura forngilda a hueriu areno um tuau aar heðan af, af vist vaarre her j Fronar sokn, fulkomlegha firirbiodande huerium manne þessa vaara skipan ok giof at hindra eða talma firir aðernæmfdom sira Odzore j nokorum lutt. nema huer sem þat gerir vili sætta vaarre sanre vblíðu, ok a ofuan swara oss fullu brefuabrote. var þetta bref gort a Foghaberghi porsdaghen nesta eftir kyndulmøssø a þriðia are rikis vars. herra Petr Eiriksson jnsiglaðe oss sealum hiaue-random.

2. Dipl. Norv. III, 466 (1386):

Olafuer meder gudes naad Noregs Dana oc Gota konongr sændir ollum monnum þeim som þetta breff sæ xðher høra q. gudes oc sina. Wer viliom at peer vitir at wer hafuum tekit Ewindh a Ottarsio kona hans oc barn hion hans oc varnadh godz hans allt bædhe laust oc fast som han aa æller xigande wærdær j minna lut æller mæira j hworio som huort er. loglighe j gudes waldh vara wærndh oc konongligt traust til allra rettra maala, fulkomlighe forebiodande

huoriom manne *hworia* stettar æller tighundar som *hwor* er. adernæmndom *Ewinde* hionom hans varnadhe æller godze at mis-*þyrma* j nokkrom lutt *afloglighe*. nema *huor* som þæt gører vili sæta aff os rweide *refsinghom* oc *hardom offuerkostum*. oc a ofuan svara os atta morkum j *brewa broth* oc *honom reet siin* effter lagha *doome*. *biodum wer ollum þeim monnum* som *honom æigha nokkrar loglighar skulder* at *luka* at *hwor hawa þæt loket* som *han honom skyldugher* ær, æder oc *eina hworia* þa *wisso foregiort* som *honom anøgher jnnan þes manadha fra thy* som *han hafuer* seet æller *hört thetta vart breff*. *swaframt* som *hwor* *vm sik vili ey suara* os fiorom morkum j *brewa broth* oc *luke* þo *skuldena* at sidar see. Framleides skulu peer ok þæt vita at weer *hafuum vnt* oc latet adernemfndom *Ewinde* *swa mykit* som *wi æighom j fyrnemde jordh Ottarsio* oc os oc *konongh domenom* til *hører frialslighæ* fore *huoriom manne honom* oc *hans barnom* *vm þeira liifs dagha meder* so *skælom*. at *han* oc *hans barn* *like* os oc *konongdomenom* *swa mykin skatt* oc *landzskyldh i huoriu aare*, effter *thy* som *han* oc *hans forelldrar* *hafua fyrre loket* varom *forælldrom* effter *fornom sidwana* oc *adra þæghnskyldo* *swa* som *adrer vaarer þæghnar*. æffter sinne *formughan*. Framleides *forebiodum wer* *fwita* varom nu er *j Jamptalande* oc *framleides koma kan*. oc allom adrom at *hindra æder vnadha adernæmndan Ewindh* *kono* *hans æder barn* *vm adernemfnnda jordh*. a *moote þesso varo brewe*. nema *hwor* som *þætta gører vili sæta vaare sandre oblidhu*. Var *þætta breff* gort i *Oslo a palmsunno dagh a femta aare rikis vars Noregs*. proosten a *Mari kirkiu j Oslo*, *herra Henreksson canceller* var inciglade.

b. Maalet i kongebrevi fraa 1400—1450.

Fraa denne tidi hev eg i det norske diplomatarium funne 53 brev som her er medtakande. Av desse er 23 norske upphavsbrev og 4 norske avskrifter, 5 svenske upphavsbrev — av deim eigenleg berre 3 kongebrev — og 9 svenske avskrifter, 7 danske upphavsbrev og 1 av-skrift, og endeleg 4 brev med eit blandingsmaal som det synest uraad aa heimfesta, men som me nærmast kann kalla dansk-svensk.

Etter den fyreskipnad som her er fylgd, vil me fyrst skoda paa dei norske upphavsbrevi. I desse held maalvokstren i det heile fram som han hev byrja i fyrre bolken. Det sermerkjer maalet at ljodbrigdet av

a til *ø* ved *u* er i attergang, og at endingsvokalarne hev regelrett vorte *e* og *o* umfram *a*. Attaat den svenske paaverknad paa skrifti kjem no ogso dansk.

Ei yversyn yver nokre vigtige sidor vil best syna tilstandet.

- a. Dei ordi som me, finn med berre ljodbrigda *a* (ɔ: ø) framfor *u* i næste staving er i denne tidi ovleg faa. Umfram *jordhom* (av nsg. *jordh*) i 2 br., *hordom* (av *hardr*) i 1, og *aloghu* 1, kann me rekna *monnom* i 12, *monnum* 5 (*mannom* 2), i andre samansetningsled — *monnom* (i 2 br. *mannom*).

Oftare *o* enn *a* hev *ollom* 9 br. *ollum* 5, *ollom* og *allom* 2; men 8 br. hev berre *allom*, 2 br. *allo*; *allunges* 2.

Elles hev *a* heilt yvertaket: *annor* 1, *annur* 1, *adhrom* 3, *androm* og *adhrom* 2 (*odro* 1, *odruuis* 1), *afuso* 1, *barnom* 1, *gamul* apn. 1, *agangor* 2 (*agongor* 1), *hafuom* (-um) 15, *haffdom* 1, *halfuo(nne)* 3, *laghom* 7, *laghum* 1 (*loghom* 1), *markom* (-um) 2, *salu* 1, *wthsalu* 1, *sannom* 1, *sealfuum* 1, *sialfuom* 1 (*siælffuom* 1, *sielffuom* 1), *stadhugha* 1, *fiskiwatnom* 2, *heradhom* 1 (*iattom* 1, *iattadhom* 1). — Byen Bergen hev *Berg-* i fyrste staving: *j Bergone* og *i Bergen* 1444, *Berghen* 1450, *Berguin* 1450 (*Berwen* 1450).

- b. Andre verknader etter *u*-ljodbrigdet: *y* er einraadande i *mykin*, *myket*, *Myklagarde*; -*møssø* hev heilt vike undan for -*messo*. — Det gamle namn *Sviar* finn me ikkje lenger, og landet vert kalla *Suerike* (gen. *Suerikes*, -*is*) i 4 br. (siste gong 1442); men alt i 1424 raakar me paa *Sweriges*, som kjem att sidan (med smaa brigde i skrive-maaten: *Suerighes* ofl.) i 10 br., *Swerig* 1 (1405), og utan *g*: *Suuæries* 1442, *Sweris* 1442. — Det eldre *millum* vert skrive *mellom* (*imellum* 1, 1448). — *skulu* heiter *skula* 2 br., *skulæ* 2, men ogso *skulu* 2, *skulu* og *skolo* 1.
- c. Ljodbrigde av á til o i *vinottesamlega* 1449. *Oslo* heiter alltid soleis (*Asloye* ɔ: i Oslo, 1442, lat.); for *baade* kj. finst *bothe*.
- d. Etter jamlaging med former og nærskyldne ord som hev *a*, kjem *a* inn atter for ljodbrigdet *o* i fleire høve, ogso der som *u* i eldre tid er burtfallen: *lagh* s. f. (*logh* & *laghen* 1421), *a Strand* (i Bergen) 1444, *pak* (ɔ: *pøkk*) 1415, *mark* (ɔ: *mørk*) 1442, *Danmarkz*, *bark* (*bork*) 1442, *Kaupmannahafn* 1421, *vphaf* pl. (fyrste gong 1424), *all* neutr. pl. 1449, *marg* npl. 1444, *mangh* aar 1448. Merkande er *Salue* 1428, men ogso *Soluir* 1426.

Paa den andre sida tek ljodbrigda former til aa faa yvertaket i det gamle pron. *sialfr*, soleis: *siolfua* apm. 1415, *siolfuer* nsm. 1421, *siolfer* npm. 1421 (II, 663₆).

- e. Med *e* og *æ* er det som fyrr.
- f. Døme paa etterljodbrigde ved *i* er: *fiærdakaup* 1, 1444, *giælkyrom* (ɔ: *gialdkerom*) 1, *ingield* (av *ingiald*) 1, *giærnæ*, *hielp* 1415 (*hiolp* i same brev); *siaelf-*, *sielf-* er den vanlege form av det gamle *sialf-*; men dessutan finn me ogso det ljodbrigda *siolf-* (= nyn. med etterljodbrigde av *o*: *sjølv*); ogso *sialf* — finst, sjaa under a her ovanfor; — *frials* i fleire brev enn *friels* og *frels*; — *Biorn* hev vorte *Biørn*, *miøl* hev vorte *miøll* 1444.

Merkande er: *gilda* (betala) 1444, *gilding* (betaling) 1444, *þienære* 1447, *tænist* 1449, *Tænisson* 1449 (svensk).

- g. *i* framfor *rd* finst enno i *jnwirdaligha* 1405, men elles *jnwyrdelige* adv. 1448, *wyrdeligh* 1444, *wyrding* 1449; like eins *i* til *y* i *sylfar* (ɔ: *silfr*) 1444.
- h. Døme paa vokallægjing er: *wener* (*vinir*) 1444, *afuerlasom* 1448, *folkomligha* 1442, *bort* 1449, *først* (for *fyrst*). Ljodjamning i *magha* (for *megha*) 1444, *þagar* 1415. Merkelege er *adernafder* npm., *stadfastom* 1 pp. i II, 583 (1405), *Sunhurdalande* 1422, *stairæ* (større) 1450 (vedkjem Stavanger); *warda* enno her og der jamsides med *werda* (i 1434 ogso *wordhe*). Som døme paa andre vokalhøve til samanlikning med det som er sagt i umrøda um fyrr bolken, er nemnande: *firir* hev oftast denne formi enno (7 br.), *firi* 2, *fyrir* 1, 1405 (nyn. *fyre*), *firi* og *fore* 2, *fire*, *fore*, *forer* 1, 1449; 5 br. hev berre den framande form *fore*. — *ifuer* 4 br. (*ifuir* 2, *jfyr* 1, *yffwerwald* 1, 1450), *iffuer*, *offuer*, *offuir* 1, *afuer* (ɔ: *aaver*, over) 1, 1448. — *þan* osfr. finn me enno blanda med *þen* (*þen*) i 3 br. (siste gong: *that, ther* 1442), men elles er formerne med *e* einraadande i 20 br. (10 med *P* og 10 med *th*). — *huar* er den regelrette form i 13 br., *huer* og *huar* 5, *huer* 3, *huor* 1; two av dei brevi som hev former med *þan* og *þat*, hev *huer*. — *huersu* er *huerso* 1, *hworso* 1, *hwosso* 1 br. — *rettynde* 1444 (rættende 1, 1449), *sannind(e)* 3 (sannende 1, 1448) *hærbergi* 1449.
- i. Diftongarne vert skrivne *au* (sjeldan *ou*), *ei* (og *æi*, sjeldan *ey*) og *øy*. I VI, 531 (1449) og VI, 534 (1450) vert *øy* samanknipen til *ø*; elles stend diftongarne i det heile i same stoda som fyrr, so nær som at dei i sume brev er ihopdregne i sume ord, men ikkje fylgje-strengt. Soleis:

1. framfor lang konsonant eller i ljodlinn staving:

au › *u*: *Algut* 1449.

› *ø*: *høst* (haust) 1444, *kløstret* 1450, *meinloss* 1446.

ei › *e*: *hælser* 1450; *Trondem* 1444, 1449; *skuldehemtingar* 1449; *enkanneligher* adv. 1450; *bredd* 1449; *thee* (ɔ: þeir) 1442 ofl. = *þe* 1449, *theræ* 1450, *þerris* 1447, *þem* 1449, *them* 1450 (*hofmestare* 1449).

› *ø*: *thøm* 1450.

› *o*: *thom* 1450.

2. framfor einskild konsonant i ljudsterk staving:

au › *ø*: *Køpnahafn* 1428, *køpenscapp* 1444 (same brev: *kau-penscap*), *køpstacz* 1449, — men *køp-* kann ogso vera norsk —, *løse* (ɔ: *lausu*) 1444, *ødhniukligha* 1442 (1450).

› *o*: *logurdaghin* 1450.

ei › *e*: *allaledis* 1444 (same brev *andraleidis*), *eedh* 1444, *ledangers* 1450, *redho* npm. 1450, *hedher* 1450, *hedhirs* 1449, *Erik* 1405 ofl. alltid undt. *Eirkssyni* 1434, *eghin* 1444 (same br. *eighen*), *Ewindsson* 1448, *greefue* 1442 (alltid, so og *paladzgrefue* 1442, *palantzgrefue* 1442), *reet-tigheet* 1442 (-heit 1450), *friiheet* 1442 ofl., *ytermeer* 1444 (same br. *ytermeira*), *Swen* 1444, *framdelis* 1444, 1448, *serdelis* 1450, *legha* 1444 (s. br. *leigho*), *hemmildismen* 1450, *hemolt* 1448, *leekmen* 1448, *vpresning* 1449.

øy › *ø*: *høra* 1449, *lønligha* 1444, *kaupøre* 1450.

› *e*: *Esteinssyni* 1446.

› *o*: *Offwindzsson* 1444.

Sume av tilfelli under 2 burde kanskje heller ha stade under 1.

Utviding av vokal til distong: *eingen* pron. nom. 1421, *xinga* asf. 1434; *handgeinghnom* 1442, 1450; *deighi* (av *dagr*) 1446, *þweiggia* (for *tueggia*) 1446, *seigir* 1449.

j. Ljodsamhøve er ikkje gjennomført i noko brev, og *e* og *o* maa segjast vera dei regelrette endingsvokalar (umfram *a*), endaa der i alle brev er far etter den gamle skikk. Mest er der att av *i* i endingar, medan *u* i mange brev er mest burtkvoren. — Endingi *ligr* hev i denne bolken heilt yvertaket (18 br.), so *legr* saman med *ligr* berre finst i 1, *ligr* og *likr* i 4. — *Noregs* (*Norreges*) 7 br.; men det jamnaste er *Norighes* (*is*) 10 br. og *Noreg(h)es* (-*is*) 5 br., *Norg(h)es* 2 br.; dat. *Noreghe* (*Norighe* 1 br.); i IX, 224 (1415) heiter landet i nom. *Noregh*, gen. *Noregis*; — *konungr* i 18 br. (*konongr* 3, *koning* 1, 1450); — *son* alltid; — *honom* i 4 br. (*honum* 1, *hanom* 3); — *biskuper* 6 br. (*biskoper* 4, *byskop* 1); — *hertug-* 11 (*hertog-* 4, *hertigh* 1); *ertog* 2, *ertug* 1 (*ørtug* 1).

Elles er det ikkje so lite skjepl med endingsvokalarne i denne bolken i sume brev, helst soleis at *e* vil trengja seg fram paa dei andre vokalar sin kostnad, t. d. *Auden* 1444, *stadhfestæ* s. f. asg. 1442, *wp a badhe sidher* 1448; dette er vel oftast innverknad fraa dansk. Døme paa svinging til andre sidor er: *Swerkarsyni* 1428 (eller nytt ord *Swerkars* ?), *nyta* 3 sp. k. 1448 (V, 754), *eptir thera* (ɔ: þeirri) *skipan* 1444, *alla efterkommande* npl. 1448 (same br. *tesse canika* npl.), *profastodøme* 1448, *i alla matto* 1444, *j nokræ maatto* 1442, *i huilko matto* 1444.

- k. *a* hev som ending i dette tidebilet eit noko mindre vald enn fyrr, noko paa grunn av utjamninga i bøygningsmynstri (*hins daude* gsm. 1446), noko paa grunn av austlandsk innverknad (*bønæstadar* gsg. 1426, *bønestudher* gsg. 1424, *giærnx* (ofte), *thette* 1405, *sinx* asf. 1434 ofl. *allæ hans klerkæ* apl. 1447 ofl.) og noko kanskje paa grunn av dansk innverknad (?) paa skrivemaaten i sume av desse brevi (*at þui sanneste* 1424, *at thui sanneste* 1424, *at þui sannesto* 1434, *at þui sannasto* 1442.) Ordknippet *Venda ok Gota (konungr)* hev alltid denne formi til 1440. Etter denne tidi endar enno baae ordi paa vokal i 5 brev (i eit av desse *Wendhe*, elles alltid -*a*), i 5 endar *Gota* paa vokal (*a* eller *x*), men det andre ordet paa *is* (eller *æs*); umfram desse finn me *Wændess* oc *Gothess* 1405 og *Wendis* oc *Gotis* i br. 1447.

Infinitiv endar paa *a* i alle verb i 13 br.; hertil kann me ogso rekna I, 698 (1424) med *a*, so nær som i *latæ*, og I, 744 (1434) med *a*, so nær som i *profue*. Skifte av *a* og *x* (e) hev 8 br.; men skiftet er ikkje nokonstad gjenomført fylgjestrengt etter kjende reglar; i II, 583 (1405) er tilfelli: *haldha*, *vatta*, *talma*, *sætta* (ɔ: sæta), og med *e*: *høyre*, *hindre* (soleis *e* etter høg framljod, som det synest).

1. Halvljoden er oftast *e* (*biskuper*), men ogso *a* (*sylfar*) og *i* (*adhir* ɔ: áðr) finst. Mange døme paa *i* i IX, 224 (1415) og I, 812 (1450). Halvljoden *i* finst i norsk (Hardang), men er vel i millom-norsken komen inn fraa svensk (?).
- m. Privativ partikel er *u* (*v*) i 14 br., *o* i 4 (blanda i 3).
- n. Ljodlaget *ft* vert bruka i 17 br., *pt* i 2 og blanda i 5 (mest *ft*). — *mfn* finn me i 6 br., *mym* i 6, *mn* i 4, *fn* i 1; dessutan blanda: *mfn* & *mn* 1, *mfn* & *mp* 1, *mfn* & *fn* 2, *mpn* & *fn* 1, *mbn* 1. — *mpn* synest vera ein skrivemaate for *mn* (smlkn. VI, 531₂₅): *ful-komyna* i same brev som *nempnas* ₆₀), og difor byr kanskje *mpn* og *mn* reknast i lag. — Kjøpenhamn vert skrive *Kaupmannahafn*

1421, *Køpnahafn* 1428, *Køpmannahampn* 1444, *Køpinhoffn* 1444 (I, 790₄₆ Barth. avskr.).

Etter dette vert daa *ft* og *mpn* (saman med *mn*) dei mest vanlege skrivemaatar i denne tidi.

- o. *P* endar si soga i denne bolken. Han hev fulla enno raadvald i 10 br. og finst i skrift her og der gjenom heile tidi, um endaa sjeldan i sernamn; men i 5 brev (det fyrste 1442) er der blanding med *th*, og i 8 raader *th* aaleine. Fraa 1434 og frametter er samanblanding av *P* og *t* ikkje sjeldsynt. Soleis *polf* (for *tolf*) 1434, *pala* (f. *tala*) 1446, *paka* (f. *taka*) 1446, *pweiggia* (f. *tueggia*) 1446. Paa denne tid kann der daa ikkje ha vore nokon skilnad i talen millom *t* og *p*. — *ð* er ikkje notera i denne bolken anna enn i ordet *eða* 1449 (VI, 531).
- p. *r* i endingar held seg i det heile ogso i denne tidi, men ikkje so godt som fyrr.
- I nsm. fell han ikkje sjeldan burt, som i *konung* 1405 ofl., like eins i npl. endingi *-ar* i subst. og adj., og i npl. *-er* i adj. Døme: *konunga* npl. 1444, *tesse canika* npl. 1448, *manghe adhre godhe men*, npl. 1448, *ware men* npl., 1449, *godha ok gambla friiheter* 1444, *alla þær godha rettebøter* 1449, *andra tyngslor* 1449; *radhmennene* npl. 1444. — Pleonastisk *-r*: *til sinar smidhi* 1442 (sjaa her nedanfor under *t*, 7).
- q. *st*, skrive *zst* (*zt*) i 7 br., *s* i 4. Dessutan *dz* 1; *tz* 1; *zts* & *tz* 1; *zst*, *tz*, *z*, *ss* 1 (1444).
- r. Det gamle høve er uppehalde i *gætzslo* 1442.
- s. *gh* finn me i alle brev, um endaa svært sparsamt i sume, t. d. IX, 214 (1415), VI, 534 (1450). *segja* vert skrive: *sæyia* 1450; *fylja* (for *fylgja*) 1450. — Klangfør konsonant for klanglaus i: *fatige* 1444, *formeghit* 1448, *noghorskyns* 1442 (vedkjem Stavanger), *thagha* 1442, *taghit* 1450, *vduisa* 1450, *righis* 1448. — *vr* i: *wrangar* 1442, 1450; *wranghlicher* adv. 1442, *rweidhe* 1447, *wredhe* 1450 (men *reidhe* 1422).
- t. I bøygningsvegen vert mykje av det som i fyrrre bolken berre ovra seg einkvar gongen, no meir vanlegt. Det kann difor her vera nok aa visa til det som fyrr er sagt med nokre faa tillegg.
- u. Nom. sing. av mannkynsord, som i gn. enda paa *r*, fær i denne tidi *-er* eller *ingi* ending (*konunger* eller *konung*). Ved jamlagring hev namnord som i gn. hadde kasta burt *-r*, paa nytt lag fenge ending, t. d. *biskuper*; med burtfall av *-r* finn me

Hakonæ 1405, der svarabhaktivokalen stend att; soleis ogso *sonæ*, nsg. 1405.

2. I gen. sing. av mannkynsord finn me stundom *-s* for eldre *-ar*: *Hakons* 1405, *sama stadz*, *annars stadz*, *stadzsens* 1444; i samansetning etter lang staving stundom *x* og *e*: *bønæstadar* gsg. (ofte), *rettebøter* 1449. Døme paa burtfallen *s*: *kløstrens* 1450.
3. Dat. sing. bundi form av mannkynsord, gnorsk *-enom* vil ofte faa formi *-en* i slike høve, at det er likt til at *-om* hev falle burt gjennom norsk maalvokster; t. d. i *laghbokinne*, *stadzretten* *ok rettarbotom* 1444; *af herra erchibiscopen*, *biscopom*, *riddarom* 1449. Merkeleg er: (me var) *wti communa korsbrødra* V, 754₈; *smlkn. Hwalwagha* i fyrré bolken.

Til bruket av dat. for genitiv høyrer vel ? *fore ærande sculd* 1449, *fore tøfring sculd* 1449 (nyn. *for drygjing skuld*). Smlkn. nytrøndsk: *for forællram skjyll*. — Præp. *til* kann i denne tid styra alle oblike kasus, soleis: *til adra* 1421, *til sik* 1444, *til bryggionne* 1444.

4. Dei linne kvendkynsord tek til aa føra *a* yver til dei oblike kasus i eintal: *wara* asg. 1444 (VIII, 324₅₀, 54), *half tridhia hamlæ* asg. 1450. Døme finst ogso fyrr.
5. *fader* gjev upp formerne med *-ur*.
6. Fleire døme paa utjamning i nom. og akk. pl. i mannkynsord er akkusativ som: *synir* 1421, *luther*, *wener* 1444. *Henzesæderne* 1444 er dansk.
7. I adjektiv-bøygningi er der mykje skjepl. Eldre og nye norske former, nye svenske og danske blandar seg um kvarandre. — Burtfall av *-an* i asm. i *vaar gard* 1448. — I dei oblike former i fem. sing. (ogso elles) kjem det upp ei ending *o*: *af eino halfuo* 1448, *til æwerdeligho xigho* 1448; merk ogso: *i huilko matto* 1444. — I dat sing. neutr. finn me stundom utjamning etter dat. mask. sing.: *i nokrom stykke* 1405; dette breider seg endaa til fem.: *i huariom stætt edha tigundh* 1444, men er sjeldsynt i dette høve. — I neutr. pl. ingi ending enno: *mangh erlighen bref* (*erlighen* ubøygd) 1448, *oll vphaf* (ofte). — Døme paa burtfall av *r* framfor *a* i gpl. er: *sakar wara margfalliga oc stora forfalla sculd* 1444. Pleonastisk *-r*: *til sinar smidhi* (I, 782₈; 1442) = gnorsk. *til sinna smida* (første ordet bøygt etter gnorsk med pleon. *r*, det andre etter ny-mynster). Fleire døme paa samanblanding av gammal og ny bøygning: *huerie stettær* gsg. VI, 534₁₆ (kunde ogso i denne tidi heita: *i hueriar*

stett); til styre oc til frealses 1405 (siste led bøygd), *sonars* (gsg. av *son*) 1405; *eptir godhom oc gambla sidhwana* 1444. Dansk: *frw vaars hins kæreste frw drotning Margretes* 1405.

Tvifelt dativ vert enno ofte brukta: *En þesso vtgefno* 1415, *oss sealuum hiauærande* 1428 (fyrste led bøygd etter gamalt mynster).

8. *ver* (*wer, weer*) vert skrive so i 12 br. (i 4 br. saman med *vi*), berre *wi* (*wy*) i 5 br. — *haenness* (1405) er svensk eller dansk; — umfram *segh* finn me enno *sek, sik*, og so *sigh* (svensk?). Demonstr. pron. er *then, then, that*; dsm. og dsn. vil stundom jamlaga seg: *med þui* *hette* 1422 (smlkn. nyn. dativ *di* m. f. n. Nord-Gudbrandsdalen, sjaa Ross ordb. under *den*). I plur. mask. oftast *their* (*þeir*) heile tidi, men ogso med burtkasta -r: *þæj* 1446 (XII, 211₁₄), stundom skrive *þe, the*; blanda former finn me i eit brev fraa 1450 (IV, 921); *theim* (*þeim, þem*) vert brukta for akk. plur. baade i mask. og neutr. (*þeim* apn. 1448); umfram *þær* i apf. finn me *thaas* 1444; umfram *þau* i npn. finst *þaugh* 1448; gen. plur. oftast *theira*, stundom *thera, theræ, thæirræ, theire*, ogso *þerris* 1447, *theris* 1444, *thaires* (sjeldan). Rel. pron. *er* vert brukta no og daa den heile tid; *som* i 8 br., *sæm* i 7 (blanda i 6); ein gong *þer* 1449 (VI, 53₁₅₁).

engin hev i asf. *jnga* 1446; neutr. *engte* 1448; *icke* adv. 1448.

Merk. *þrea fulla þægnær* apl. 1434; *þrea full fridkaup* apl. i same brev; *þrea* synest vera apm. brukta for alle tri kyn?

9. I præs. sing. av dei sterke verb er ljodbrigda former det vanlege; men umfram desse finn me andre former av sume ord ogso i hovudsetningar: *hafuer* 1434, *stander* 1444, *tillgaard* 1442, *aftgaard* 1449.

Iste pers. plur. tek upp same ending som 3die pers. *wy hafua* 1422 (i same brev *forbiodom veer*); *wy helsa* 1444; *vilia vy* 1442; *wy hafwm* og *wy hafux* i same brev 1446; eit brev (V, 762) fraa 1449 hev desse former: *veer viliom, ver hafua, wii faom, latha wii*. Døme paa fortid av linne verb er: *dømdom wi*, og *rantzakade wi* 1448, *thee haffdhe* 1442. Formerne i notid med -a for -om veks med kvart.

2dre pers. plur. endar paa -er. Ingi svenske former paa -in er notera.

For *vard* kjem *wart* 1442, 1446; merkande er imperf. *heit* for *hét* (XII, 211₇; 1446). — *gera* fær i imperf. *giordhe* 1448 (vel etter part. *giort* som finst alt i gnorsk tid, 1347).

luket part. 1434, *taket* part. 1442 er vel svenske former.

- u. Av smaaord er merkande: *æder* (oftast so, men ogso *ædher*, *edher*, *eder*, *edr*) 17 br., blanda med *eller* i 2 br.; dessutan finst *eða*, *eda* og *edher* i 1, *edha* og *eller* 1; *æder*, *aller*, *ellighe* 1, 1446; *antighe-eller* 1444, *hverke-ne* 1421, *huorke-edha* 1444. — *ef* finst enno 1422, 1442, 1449 jamsides det nye *vm* 1448, 1449; — *en þo* (endaa) 1421 (II, 663₁₃); *tilþæs* (dsk. indtil) 1421; — *hiit* (av *higat*) 1448 (og er eldre).
- v. Av framande, mest tyske ord og avleidningar, som er i bruk i denne bolken, kann me nemna:

alieneræth part. 1452 (romansk), *beskerm* 1450, *beskerman* 1442, *beskermilse* 1447, *beskyrmilse* 1442, *bebrefua* 1449, *befela*, *befelling* 1444, *bedriffua* (handel) 1444, *besigla*, *bescriffua*, *beuisa*, *befinna*, *bestella* 1444, *belatit* (tilfreds) 1449, *bestand* 1449, *besynderligh* 1444, *forkrenkt* 1444, *forarga*, *forsmaa* 1449, *forstandare* 1448, *forsyma* 1448, *forlæna*, *fortæring*, *forsvar* 1449, *foretaka* 1449, *bruка* 1444, *vforrettæ* 1442, *offuirdadighet*, *hovmod*, *menigkeit*, *godheit* 1444, *gestri* 1449, *vnderuiselse* 1444, *gunst* 1450, *jnwonare*, *wndersat*, *plicht*, *pynt* (point, punkt), *twedrakt*, *kersedrank*, *kraam*, *sælskapp* 1444, *køghemestare* 1449, *saadan* 1444, *j gen* (tilbake) 1442, *stragx*, adv. 1444, *þess likess* 1446, *huru* adv. 1444, *fran* prp. 1448 (sjeldan), *grangiflig* 1442, *witherlekt* 1442, *formeghit* 1448.

Aarstali som her er sette attaat, syner berre det aar eg hev notera ordet for, men er ikkje brukande til aa aarfesta ordet si fyrste fram-
komma i norsk i det heile, ikkje eingong alltid i sjølvé kongebrevi.

I denne tidebolken er den framande innverknaden so sterk og norskdomen so veik, at styremagi kann senda ut riksrev til norsk folk um norske saker heilt paa framandt maal: svensk og dansk.

Umfram dei norske brevi hev me soleis fraa denne tidi 3 kongebrev paa svensk, 2 fraa 1442 (?) som Cristoffer av Baiern sende ut, og 1 fraa 1450 fraa Karl den 1ste. I det eine av dei svenske brevi fraa Cristoffer av Baiern tek kongen domkapitlet i *Trodem* (Nidaros) i si vern; i det andre vert Torgaut Benktsson forlent med Eiker. Karl den

iste skriv fraa seg retten til Norig paa svensk. Og mange norske storfolk og hovdingar hermer ogso mykje etter dei framande. 8 svenske og 4 norske riksraadar sette upp eit riksbrief i Lødesø 1441; det um-handlar „*bebinningen*“ „*mellan thenna tw riken*“ og er berre skrive paa svensk. Endaa betre vitnesburd um tilstanden er eit brev som Norigs riksforstandar sunnanfjells, Erik Sæmundsson, sende ut den 14de decbr. 1449 fraa Sudreim. Brevet er eit upprop til upplendingarne mot det danske magt-innsig i landet. I eit slikt brev fraa den øvste hovdingen i landet til sine eigne landsmenner skulde me daa venta aa finna landsens eige maal. Men um det endaa finst nokre faa innsprengde norske former i brevet (*heilsar, Heidmarkinne* dat.), er det likevel i det heile skrive paa svensk. Som prøva set eg hit denne stubben: „*Ok ware thet swa som gud forbiwde at noker af myns herra konungxsens owiner wilde nokot resa hiit wpp i landhet ok omaka noghon af almoglian myns herras wndersade, tha bider jak ider ath j waren samholdoge . . .*“ Me kann ikkje sjaa at upplendingarne hev klaga paa dette. Den tidi saag annarleis paa dette enn me. Folket fylgde hovdingarne sine ogso paa dei unorske vegar, og dei forstod ikkje at vanvyrdnad for maalet hev den djupaste samanheng med vanvyrdnad for den som *talar* maalet.

Det svenske maalmynster breidde seg fraa høgderne ut yver folket i alle lag, og ei mengd med norske brev fraa denne tidi og ei god tid etter fraa alle kantar av landet ber slike merke etter svensk innverknad, at der etter min mening ikkje kann vera stor tvil um at det svenske maalet, som i mange maatar var so likt norsk, utan motstand og vande vilde ha vorte einraadande her i landet, og Norig dermed ein svensk provins i maalvegen, um ikkje eit anna framandt maal hadde kome og vore sterkt nok til aa driva ut svensken, fyrr han fekk so faste røter at det var for seint. Dette andre framande maalet var dansk, som paa denne tid hadde skilt seg heilt ut fraa svensk i mange maatar og var mykje meir framand for norsken enn svensken var.

Paa dansk maal hev eg funne 7 kongebrev fraa denne tidi. Det fyrste er venteleg skrive i Jönköping 1404, og inneheld fyreskrifter fraa dronning Margareta til kong Eirik paa ei ferd han skulde gjera til Norig i 1405; dette brevet var soleis mest privat og gjekk ikkje ut til norsk folk. — Dei næste two brev er fraa Cristoffer av Baiern; baae brevi er skrivne i 1442. I det eine, som er skrive i Kjøpenhamn, vert stadfest eit gaavebrev fraa kong Haakon til Hauktor Jonsson og ervingarne hans paa kongsgarden i Sarpsborg. I det andre, som er skrive i Heilgenhafen, tek kong Cristoffer *the Rostockere* i si vern, stadfester dei gamle

serrettarne deira i Norig og gjev deim nye. I desse brevi er der klangføre konsonantar (men *friihet*, *køpmen*, *troscap*), og endingsvokalen er allstad *e*. So er der two kongebrev fraa 1450, som Cristiern den 1ste hev sendt ut, det eine (VI, 535) venteleg skrive i Bergen, det andre (IV, 924) i Skersund. I det fyrste av desse gjer kong Cristiern *widerligt* at han hev forlent *Erland Endridzson* med *Woldres oc Romsdall*, for di han hev laant kongen pengar *til wort oc rikens nytte*; i brevet er innblanda ikkje saa norske endingar paa *a* (mest infinitiv), men sidan der ikkje er distongar, og der for det meste er klangføre konsonantar etter dansk maalskikk (undt. *mato*, *rikens*, men ogso *Sokn* for bygdi *Sogn* (!)), maa me vel helst kalla maalet for slurvut dansk. I det andre brevet stadfester kongen biskop Gunnar i Stavanger i den rett og fridom som Haakon V Magnusson hev gjeve Stavangerbispen. Ogso her stend att eit par ord med norske endingar: *allom korsbrodhram* (!).

Two andre riksblev paa dansk maal lyt me ogso taka med i umrøda. — Det eine er eit brev til kong Cristiern fraa Det norske riksraad med erkebiskop Aslak som formann (III, 805). Brevet er skrive i Oslo 3die juni 1449. Endingsvokalen er *e* (sumtid *i* framfor *s* og *t*: *sædis*, *nadis*, *hvilkit*), ikkje distongar (anna i nokre ord paa *heit*) og klangføre konsonantar etter dansk vis. Det andre brevet (VIII, 345) er skrive i Bergen 1450; det er utsendt av 26 norske og danske riksraadar, som kunngjer at dei hev gjort *en stadughe ewindeliche oc vbrødeliche sambining mellom . . . righene Danmark og Norige*. Av dette brevet vart det upsett two grunnskrifter, ei for danskarne og ei for nordmennene. At det brevet danskarne skulde hava, var paa dansk maal, synest ikkje underlegt; men ogso brevet for Norig vart paa dansk: ingi distongar, men klangføre konsonantar, alt etter dansk skikk (med lite grand svining som *rike* og *righe* og *wenskap*); endingsvokal *e*.

Endaa er der att 4 brev fraa denne tidi som treng ei serleg umrøda. Det eldste av desse hev kong Eirik late skriva i *Watzstenæ* 1404. Det er eit brev til nordmennene i Bergen, at han hev unt borgarane i Rostock og Weimar dei same serrettar som dei hadde fyre krigen millom Norderlandi' og Hansebyarne. Maalet i dette brevet er ikkje lett aa heimfesta. Endingsvokalen er mest *æ* eller *e*, men ogso *i* og *om* finst; der er ingi distongar, og der er blanding av klangføre og klanglause konsonantar etter lang vokal (*hopæs*, *kærlek*, *Godes o: gnorsk Gota*), endingi *-in* i 2 pp. i verb: *ladin*; dansk-svensk kunde ein kanskje kalla det. (V, 436).

Dette er det fyrste riksblev — eg hev funne — fraa norsk kongs-magt til nordmennene paa anna maal enn norsk.

Eit brev fraa 1431 (IV, 850), der kong Eirik kunngjer at han tek Audun bisp i Stavanger i si vern, og eit anna fraa 1434 (V, 645), der same kongen ettergjev Aslak bolt *et ok tyughe hundreth nobele*, hev mest same slags dansk-svensk maal.

Baae desse brevi er skrivne i Seretzloff.

Eit brev som er datera *Kongsbacke* 1442 (VI, 490) og utsendt av kong Cristoffer som tek Kongelvs borgarar i si vern, er skrive paa ein slags fordanska svensk.

Her er two prøvor paa maalet fraa dette tidebilet, ei fraa fyrstningi og ei fraa slutten av bolken.

1. Dipl. Norv. IX, 224 (1415):

Eriker mædh gudz nadh Noregis Danmarks Suerikis Venda ok Gota konungir ok hertujir ifuir Pomeren sændom ollom almuganom j Vikenne q. g. ok vara. kungerom wer ydir vm vidirþurft ok naudsyn sæm oss ok riki vaar aliggia saker vfridar ok orlogx mangfalz. Nu saker þæs at þesse riki Noregh Danmark ok Suerike ero sua samanbunden ok ær sua af bezstom mannom þessa rikia fulkomliga stadfæst ok samþykt at huert riket scal vara odro til styrkx ok hiolp til fridar. i ollom logligom naudsynom. ok þæs hins annars at wer hafuom eigi fyr latet ydir til segja vm hielp ok tilstudning at beidazst af ydir vm þuilia luti þuj at oss hefir eigi meire naudhsyn tildregit þer vm. æn sæm oss nu tildregir ok sua hefir nu almugen j Danmark ok i Suerike jattat þagar wtgefua til þæs eftir þui sæm oss ok radhe varo þektizst af þeim framnazst tilstudring beidazst þuj bidiom wer ydir ok biodom at þeir gerir oss nu huer ydar firi sek fullan vtfaraleidangir eftir þuj sæm Hannes Kröpelyn Jacop Augustin ok Fikke Grvpendale ydir til segia þuj at wer hafuom þa skipat til þan vtfaraleidangir þer hia ydir vtþinga ok vpbera oss til handa. þuj latir þeim þetta goduilliga faa ok væl atkomazst i(nna)n þæs halfsmanadur fra þeim degi sæm þeir hafuir høyrt, þetta vart bref suaframt sæm þeir vilir hafua þak ok afwso af oss. En huer sæm firi nemfst þetta at gera suare sliko firi sæm lohg vatta. En þesso greideliga vtgefno eftir þuj sæm fyrsægir lofuom wer ydir siolfaa heyma sitia ok vera frialsa firi færdenne. Datum Helsingburgh anno domini mcd quintodecimo. XV^{jta} die mensis Aprilis nostro sub secreto.

2. Dipl. Norv. V, 762 (1449):

Karl medh gudz nadh Noregs Swerighis oc Gota konunger sænder lærdom monnom ollom oc lendum bondom oc butægnum vær-

andum oc viderkomandum ollom gudz vinum oc sinom theim som thetta breff sea eller høyra quædiu gudz oc sina. Veer viliom ath ther vitir ath forer gudz ælsko skuld oc wyrding hins helga Olafs konungs oc heilagrar kirkio haffuum veer tekit vara hina kæra oc besynderlige winæ canikana korsbrøder i Nidaross. alla oc hwan ein aff theim for segh communs gard theira oc alla adra garda eer their eigha eder ein huar aff theim hues theira oc hærbergi eignir theira allar eer til communs theira liggia oc proffuendena kirkiur capellor tiunder lanskylder Olafstolla oc allar adrar jntækjur eer konungar erkibiskupar eder adrer men haffua loglega gefuit theim mylnor skoga vatn oc veidestoder oc skip oc alt annat godz theira thet som their eiga eder eighande wärda j lande oc lausom øyre hwart som thet eer minni luther eder meire sveina theira alla oc tiænistæ folk oc allan theira varnadæ j gudz hegndoc j wart wald oc konunglegt traust oc forswar til allra rættra mala. Forbiudom veer hvirum manne fulkomlegæ theim eder theira varnadæ ath mistyrma eder veita theim nokorar agongor meder ofriki eder offkappi sueinom theira vmbodzmonnom eder godze. Stadfestom veer oc vbrigdelige med thessø varo breffue oll thau varnadebreff rættebøter priuilegia oc friiheiter som varer forfædere konungar j Norighe haffua laglegha geffuit theim seer till verndar. proffuentor ther oc allar som men geffua theim loglega skolu theim frialasar vara. Nu their men som a tha ganga med offrike eder offkappi vñfram logh oc rættende j hwæri steth eder tigund som hwar eer oc mistyrmir theim. sveinom theira eder vmbodzmonnom eder nokoro thii godze som fyr seigir oc their eiga. tækir talmar eder hindrar forer theim. landskylder eder adrar jntekjur theira hwort som thet høyrer helder till einum aff theim eder ollom jamsaman. oc vanwyrdar j thii fyrst gudh alzwallande oc hiin helga Olaff konung oc tha wart breff oc incigli eer veer haffua geffuit theim. tha skulu their sæta aff oss reidhe oc ræfsingom ræth som their haffde rænth eder mistyrmæ sialffra vare godze. oc en tho offuan aa sware fullo breffuobrote, en hinir som till theira giora wæll oc vinottesamlega wyrdande j thii breff wart oc bodscap skolu odlazt aff oss ast oc vinatto med sannom godvilia. Thet biodhom veer oc ollom oc einkanliga syslemonnom varom ollom logmonnom oc handgegnom monnom varom ath styrkia theim eff nokor dirffuizt thes mothe thessø varo breffue oc bodscap agongor ath veita mistyrmir sveinom theira eder vmbodzmonnom ath ther styrker tha oc theira vmbodzmen bedhe vm logligar skuldehemtingar theira oc vm adra luthi med hwad manne som their

eigha thet ath skipta. thii allo frammare til allra rættra mala ath their haffua thetta vart varnabreff. en eff syslomen varer eder adrer vmbodzmen sirenemazt ath giora theim ræth eptir laghom vm tha luthi som theim vardar styrkia tha oc vernda som ranglega vilia a theim ganga tha skulu their vissa von eiga ath wii faom theim j hender var leen eer frammare vilia fylgia varom breffuom oc bodscap. Thes till meire sannindh oc bewising soe latha wii hengia warth jncigli fore thetta breff som scriffuadezt i Nideross anno domini millesimo quadringentesimo quadragesimo nono crastino beati Clementis pape et martiris gloriosi.

c. Malet i kongebrevi fraa 1450—ca. 1520.

Fram til 1400 er alle riksrev som vedkjem berre Norig, skrivne paa norsk maal. Etter den tid og fram til 1450 er ogso dei aller fleste skrivne paa norsk. Men alt fraa 1404 tek kongsmagi det ikkje so nøgje med malet i brev til nordmennene. Medan alle brev fraa dronning Margareta til nordmennene er paa norsk, hev me 3 brev fraa kong Eirik paa dansk-svensk (umfram 17 norske) og fraa Cristoffer av Baiern 3 svenske og 2 danske (umfram 6 norske); fraa kong Karl hev me eit paa svensk (umfram 2 paa norsk). Fraa Cristiern den 1ste hev me 2 paa dansk (umfram 4 paa norsk) til 1450. Som me hev sét var dessverre dei norske hovdingar ikkje alltid likare: Norigs riksraad set upp svensk brev saman med svenske riksraadar i 1441, og dansk brev saman med danske riksraadar i 1450. Og riksforstandar Erik Sæmundsson skriv upprop til upplendingarne paa svensk 1449.

Likevel hev norsken yvertaket i riksrevi til 1450, og som me hev sét, kann me ogso i kongebrevi heilt upp til denne tidi fylgja vokstren fram til eit formlettare og meir vokalisk maal.

Annarleis vert det sidan. Etter 1450 ser det ut til at der ikkje er skrive noko kongebrev paa norsk maal, utanum landsvistbrevi, som eg skal umhandla sidan. Dei siste kongebrev paa norsk er skrivne i Bergen hausten 1450, medan Cristiern den 1ste enno var i Norig. Etter hans heimreis til Danmark denne same hausten vert det heil snunad, so at alle brev som kongemagi fraa denne tidi og frametter sende ut, er paa dansk maal.

Her er ikkje tale um nokon jamn yvergang. I 1450 sluttar dei norske brev, og i 1451 byrjar den ubrotne rekka av danske. Norsken vert med eit slag utestengd fraa den kongelege skrivartova i Kjøpenhamn. Det einaste merke etter honom er nokre faa einskilde former og ord, som kann verta hangande etter i slurvute umsette avskrifter av eldre norske brev, eller som hev dotte or handi att ein norsk klerk som ikkje hev vore full-lærd i dansken enno. Soleis naar det i eitkvart brevet vert skrive *laust og fast* (1453), eller ei form som *eigha* kjem dettande midt upp i rein dansk. Men av slikt er det ikkje mykje, og det vesle som er, kverv snart burt etter som nordmennene fær meir øving i dansken.

Ein maa elles ikkje døma maaltilstandet i det heile i landet etter dette, korkje med umsyn paa det maal som vart skrive, eller sjølvsgatt allerminst det som vart tala.

I norske brev utanum kongebrevi finn me enno mykje norsk av det slaget som var, ofte uppblanda med eldre norsk og ikkje so lite med svensk. Dansk innverknad er det ikkje so mykje av, fyrr det lid mot 1500.

Hovdingarne i Norig dreiv enno mykje paa med svensk. Fraa 1458 hev me eit brev fraa 23 norske riksraadar (III, 842, skrive i Skara) med sterke svensk svip. Two andre brev fraa Det norske riksraad, det eine skrive i 1474, i kong Hans sitt namn, det andre i 1490, smakar like eins sterkt svensk, men er isprengde med lite grand norsk og mykje dansk. Elles skreiv riksraadet sjølvsgatt gjerne dansk, t. d. II, 907 (1478), sjeldan ein slags norsk.

Berre i eit slag kongebrev held norsken seg endaa. Det er landsvistbrevi, dei kalla. Dette var brev som kanslaren i Oslo sende ut i kongen sitt namn. Der var two slag av deim; det eine var gridsbrev, som gav ein draapsmann *grid og fred* ei viss tid, til dess saki hans kunde verta ransaka; det andre slaget var dei eigenlege landsvistbrev, som gav draapsmannen løyve til aa vera i landet (*landsvist*) og forbaud folk aa gjera honom noko mein. Desse brevi, som hadde nokolund ei fast form, vart skrivne paa norsk alt til 1567 (det siste eg hev funne er fraa dette aaret).

Alle landsvistbrevi fraa 1450 og frametter er skrivne paa millom-norsk, og ei lang tid paa ein slik maate at det er lett aa sjaa brevskrivaren hev kunna vel det maalet han skreiv. Og at skrivarane heile tidi hev forstade kva dei skreiv er der liten grunn til aa tvila paa.

Fraa 1451—1519 (desse aari medrekna) hev eg funne 25 slike brev, og maalet i deim hev i det heile den skapnad eg fyrr hev umrødt som

millom-norsk. Kongenamnet Cristiern vert oftast skrive *Cristiarn* til og med 1477, sidan *Cristiern* som i andre kongebrev.

Fraa 1520 og frametter hev eg funne 17 landsvistbrev. I desse brevi er der mykje vanstell paa grunn av slurvute skrivarar, som endaa set inn dativendingi -om i eintal av subst. (*mannom* 1521), ja endaa i asg. *en full bothom* 1520, og apn. *worom* pron. (for *wor*).

Likevel er der raad til aa sjaa nokon maalvokster ogso i denne tid. Soleis fær verbi i 2dre pers. plur. præs. indik. etter 1539 (medrekna) endingi -a for eldre -er (*wita* for *witer*). Paa denne tidi hev soleis alle personar i præs. ind. plur. enda paa -a.

I kongetitelen i desse brevi vert Noregs namn alltid sett fyre Danmark til og med 1523. Fraa 1524—1538 kann eg ikkje finna noko brev. Men i 1539 vert Danmark sett fyre Norig i eit brev som Morten Crabbe sende ut, og sidan vert Danmark alltid nemnt fyrst ogso i desse brevi.

Eg set hit tri landsvistbrev med umlag 50 aar millom kvart. Det siste er det yngste av dette slaget i diplomatariet.

1. Dipl. Norv. X, 230 (1464):

Cristiarn med gwdz nadh Norigis Swerigis Danmarks Vendis ok Gote konongs hertig j Sleswik grefue j Holzen Stormaran Oldenborg ok Delmenhorst sender ollom monnom theim som thetta bref sea eder høyra q. g. ok syne wer viliom at ther vither ath ver hafuom j heidher vider gwih saker godra manna bönistader ok efther thy profue som her fylgher gifuit Asmund Jonnson ær Gwnner Swen-nungsson varth at skadha vforsynio ok Byorn Jonsson som atuiste man vart med honum at thy drape landzuist med theim hette ath thee bøthe vider gudh ok erfvingie hins dawdhe oc draperen lukie oss tryadelene af einne fulle thegn ok af eyno fullo fridkaupe fyordedelen falle af saker tilredes hins daude. En atviste mannem lukie oss eit fult fridkamp ok hafwe lokit hwar fore segh innan tolfma-nade elleg hafwa the einga landzuist. Byodium wer erfuingie hins daudhe at taka setter ok bøther af them efter thera bætsta manna lagardome som syslmannen till nepner, ahwario thweggio halfuonne en fulkomligæ forbyodium wer hwario manne vandræde ath auke æder auke lata vider theim hedan af vm thetta maall. Nema hwar som thet gorer vili hafwa forgiort fee ok fridi ok verde aldre botamader sidan. War thetta bref giort j Oslo allæ helgona aftan a fem^{de} are rikis wars Norigis her Ifuer Vikingsson prooster at Marie kirkio j Oslo canceller war incigladhe.

2. Dipl. Norv. V, 1022 (1518):

Vij Cristiernn med gudz nad Norigx Danmarkx Wendis oc Gottis koning wtuald koningh tiill Swerigh hertugh i Slessuigh Holstenn Stormarn och Dytmersken greffue i Oldenborgh och Delmenhorst sendher ollom monnom them som thette breff sea ædher høyre q. g. ok sina weer williom ath theer witther ath weer haffuom i heider widher gud sakar goda manna bønistader och effther thij prooffue som her ffølgher giffuith her Olaff som Gwnnar Englesson wartt at skada offorsønio landzuist medh them hette ath han bøther widher gud och erffuinge hins dawde, ok luke oss ein ffull tegnn och eith ffulth ffridkaup ok hawe lkath innan tolff manada ffraa thessom deghi edher haffuer han inghen landzuist. Byodom weer erffuinge hins dawde ath thaka setther och bøther aff honom effther theyra betzsta manne lagerdomme som syslomannen tiillnempner aa hwario twieggio halffuonne. En ffylkomliga forbyodom weer hwariom manne wandrade ath awka edher awka latha wiidher han heden aff om thette maall nema hwar som thet gører willi haffue fforgiortt ffee och friddhi werdhe aldre bothamadher siidan. Waar thette breff giortt i Oslo in die sancte Gertrvdis virginis anno domini m d XViiij. Her Hans Ollsson proost at Marie kirkie i Oslo canceller war incigladhe.

Item Benct Swensson eer ffyll atuiste man at tesso drape ok haffuer han landzuist med tesso wore breffue.

3. Dipl. Norv. X, 768 (1567):

Vij Friderich then anden met gudz nade Danmarcks Norges Vendes oc Gottes koningh hertug vdj Slesuigh Holstenn Stormaren och Dytmerschen: greffue j Oldenborgh etc. sender ollom mannom them som thette bref see eder hørie q. gudz och sync. Ver wilom at theer witha att wer haffuom i heder weder gudz saker gode manne bønestader giffuet Suend Torbiørnsson som Niclaus Erickson wort at skade wforsynio griid och friid for oss och hueriom mannom tiill sanctj Botulffz dagh nest komendes met them hette at han bøter weder gud och arffuinge hins doude. Biodom wer sisłomannom worom och them som alleigumoell worom jnna haffue at proffue moell hanss all wphaff wederotte gridestader wiglisningh och huosso langt liidet er i fra thii thette wigh wunnet wor hiauerende och laglighen forestempde arffuinge hins doude och huad wisso han gjører oss for tegen och fridkoup, och arffuinge hins doude for bø-

*therne eff han proffues botamader at werde och ritha thet proff
atther tiill oss attuj sanneste som feess at tisse mole. End fuld-
komelighen forbiodom wer hueriom mannom wandrode at ouchke eder
at ouchke lathe weder hand inden tissom worom gridom. Nema huer
som thet gører att wille haffue forgiordt fee och fridj och aldrigh
werde botamader sedan. Vor thette breff giord vdj Oslo then 18
Augustj aar 1567 Oluff Calips Norges riges cantzler jndzeglendes.*

Samandrag.

1. Dei eldste norske originale kongebrevi me enno hev atter, er fraa fyrstningi av det 13de hundradaret.
2. Kongebrevi i det 13de hundr. er skrivne paa maalføre, for det meste trøndsk og vestlandsk.
3. I fyrstningi av det 14de hundr. (fraa 1324) fær ei maalform yvertaket. Denne formi — *gamalnorsk riksmaal* — ovrar seg fyrst i brev fraa verdslege og kyrkjelege hovdingar og i kongebrev fraa slutten af det 13de hundr.
4. *Gamalnorsk riksmaal* (1324—1350) er trøndemaal med vestlandsk *swip*. Ljodbrigdet av *a* til *ø* framfor halden *u* er gjennomført i visse tilfelle, helst etter labial (*monnum*); ljodsamhøve, med skifte af *e* og *i*, *o* og *u* i endingarne, er gjennomført; adjektiv paa *-legr* (sjeldan *-ligr*); ingi veikjing av *a* til *æ* eller *e* etter lang staving; privativ partikel *u-*. Av ljodlag er merkande: *ft* (*taft*), *mfn* (*namfn*), refleksiv verbalending *-st*. Pronominalformer *ver*, *þan*, *þat* osfr. *huerr*. Einskilde former: *Noregs*, *Sya*, *Swya*, *Syariki*, *Biorguin* (oftast); *Oslo* (13 br.), *Aslo* 9 br. Framandordi er mest latinske.
5. *Gamalnorsk riksmaal* hev knapt vore noko maalføre, men er kanskje uppkome i den norske kongehird etter flytjingi fraa Nidaros til Bergen i det 13de hundr. og medan logarbeidet gjekk for seg.

6. Fraa 1350—1400 tek formerne til aa losna. Ljodbrigdet av *a* til *ø* er mindre regelrett gjennemført; etter 1380 fær *e* og *o* yvertaket yver *i* og *u* i endingar; adjektiv paa *legr* og *ligr*; *a* held seg framleides; privativ partikel er *u* —; der syner seg døme paa opning og lægjing av gnorske stutte vokalar (*tel* (gn. *til*), *mølnum* for *mylnum*, *om* prp. for *um*). Ljodlagi *ft*, *mfn* og refl. *st* som fyrr. Bøygningsformerne ustøde; i nominalbøygningi trengjer dativ seg fram i staden aat genitiv; nominativformerne *sá*, *sí* maa vika for akkusativformerne *pen*, *þet*, som no hev fenge raaderomet for *þan* og *þat*; *þeim* vert bruka for *aplm* og *apln*; *huer* er enno det mest vanlege; *som* syner seg jamsides med det gamle *sem*; i præs. indik. eintal av sterke verb kjem det upp former som ikkje er ljodbrigda jamsides med ljodbrigda, helst i undersetningi (*komer* f. *kemr*, *hafuer* f. *hefuer*): Paaverknad av austlandsk *no* og *daa*, serleg i sume brev. Einskilde former: *Noregs*, *Noreges*, *Noriges*, (*Norigs*), *Norges*; *Sweriki*; *Bergvin*; *Oslo* (oftast), *Aslo* (sjeldan).

Svensk innverknad er tydeleg, men enno ikkje sterkt, og syner seg paa samankniping her og der av dei gamle distongar (*gren*, *løn*); sjeldan i bøygningar: *skulin* 2 pp. for *skulir*.

Nye tyske framandord trengjer inn (*bevara*, *behov*) men ikkje mange.

Der er 6 svenske og 1 dansk kongebrev fraa dette tidebilet, men dei synest ikkje vedkoma berre nordmenner.

7. Fraa 1400—1450. Ljodbrigdet *ø* kverv burt og *a* fær yverhandi i dei fleste høvi; i endingarne vert *e* og *o* regelen, adjektivendingi *ligr* fær yvertaket; *a* i ending held seg for det meste; privativ partikel *u*. Ljodlaget *ft* held seg, medan *mfn* skifter med *mn* og *myn*; *þ* vert oftast skriven *th* og sumtid blanda saman med *t* (*þaka* for *taka*); refleks. ending oftast *st*. Uppløysningi av bøygningsformerne held fram; 1ste pers. pl. av verb kann enda paa *-um* eller *-a* (*lata wii*); *then*, *thet*, *huar* pron. (for gn. *huers*); *som* vanlegare enn *sem*. Einskilde former: *Swerig* (1408), *Suuæries*, *Swaris* 1442; *Bergen* 1444, *Berguin* 1450; alltid *Oslo*.

Sterk paaverknad av svensk, mest med umsyn paa distongarne. Mange framande tyske ord kjem inn (*bebrefua*, *forsyma*, (*god)heit*, *gestri*, *jmwonare*).

3 kongebrev er skrivne paa svensk, 7 paa dansk. Det norske riksraad set opp brev paa svensk saman med svensk 1441, og paa dansk saman med dansk 1450.

8. Det siste kongebrev paa norsk maal er utsendt av Cristiern den 1ste i Bergen 1450. Etter hans heimreis til Danmark same haust hev me ikkje andre kongebrev paa norsk enn dei landsvistbrev som kanslaren i Oslo sette upp i kongen sitt namn. I landsvistbrevi, som vert meir og meir slurvute til kvar tid som lid, held norsken seg til 1567.

Etterord.

Denne utgreidingi er skrivi fyrr »Første halvdel af sextende samling« av Diplom. Norv. var utkomi. I dette bandet er det kome fram nokre fleire kongebrev fraa eldre tider, men ingi (egte) paa norsk maal; no. 106 (fraa 1439) syner at dei danske kongar paa denne tidi hev sendt ut fleire brev paa dansk enn ovanfyre er upprekna. — Med det same nyttar eg tilføre til aa nemna at dei statistiske upplysningar ikkje gjer krav paa alltid aa vera grannvare til punkt og prikk; eg hev gjort uppteikningarne, medan eg las, og hev bygt paa desse. Miskast som kann ha innverknad paa endelykten av granskingi, trur eg ikkje her skal vera.

Av dei maalprøvorne eg hev lagt fram, er der berre two me hev upphavsskrifterne til her i landet; det er brevi fraa 1464 og fraa 1567 (baae i Riksarkivet); desse two grunnskrifterne hev eg jamført med teksten i diplomatariet, men ikkje funne andre merkande avvik enn at grunnskrifterne ofte hev liten fyrebokstav i propria: *oldenborg, stormaren, niclaus, botulffs* etc.
